

“Ein islamsk reformasjon”  
kopirett, 2006, Øyvind Strømmen

*Til Timo og Marijke*

*og til Cathrine, Milla og Mari, fordi løfter er løfter*

## Introduksjon

Det er 7. juli 2005 og ein lang dag er på veg mot «a hard days night». Eg er på jernbanestasjonen i Manchester, det er seint på kvelden og eg kjem meg ikkje vidare. England har stogga for å trekka pusten. Tidlegare same dag vart den britiske hovudstaden råka av eit terroråtak. Det var ikkje fyrste gong. Det var ikkje uventa.

På ein måte var det også ei underleg *normal* kjensle i London då eg gjekk gjennom gatene i byen tidlegare på dagen. Ein gatekunstnar måla eit fargerikt bilete direkte på den grå gata og freista slik å overtyda forbipassarande til å sponsa han med nokre pence. Pubane var fulle av gjestar. Avisene i aviskioskane var fylde med glede over å ha vunne tildelinga av dei olympiske sumarleikane, til alt overmål rett framfor nasa på dei arrogante franskmenna.

Hadde det berre ikkje vore for Evening Standard. Hadde det berre ikkje vore for dei stengde undergrunnsstasjonane, for alle politifolka og alle utrykkingskøyretøya, som var fleire og fleire jo nærare ein kom Kings Cross. Dersom det berre ikkje hadde vore. *Men det var.*

Det er rart kva detaljar ein legg merke til når hjerna er stilt inn på den rette frekvensen. Noko av det fyrste eg legg merke til i Manchester er ein stor reklameplakat for

det nyaste kjøpesenteret i byen. Annonseren har fått ei ny mening. «It's grim down south», seier den. Det ser mørkt ut i sør. På utsida av stasjonen er ein liten kvit mann måla på asfalten, knapt nokre centimeter høg. Han ser ut som ein av desse strektekningane du ser på åstaden for mord i detektivfilmar. På sidan av han ligg ein sneip.

Det *ser* mørkt ut i sør. Faren bruka å koma frå aust, frå Moskva, frå byen der det alltid snødde i spionfilmar. I dag kjem faren frå sør, frå Nord-Afrika, frå *Maghrib*. Og den kjem frå Midtausten. Me har stort sett slutta å frykta dei blodhungrige tyrkarane, bort sett frå når Tyrkia ynskjer å bli medlem av den europeiske unionen. Men frykta for sarasenarane, for *arabarane*, for pakistanarane, for *muslimane* er igjen levande.

I 2004 vitja eg Baskerland, heimlandet til nokon av Europas sine heimedyrka terroristar, ETA. Ein av kveldane var i eg i Anglet, eit paradys for surfarar. Der traff eg ein ung amerikanar som kunne fortelja at han hadde mista ein ven i terroråtalet på Bali.

Venen hans heitte Steve Webster, og vart kalla Web eller Webby. Om kvelden 12. oktober 2002 sat han saman med ein annan kompis, Steve Cabler, på Sari Club på Kuta Beach. Klokka hadde nett passert elleve, og på høgtalarane song den amerikanske rapparen Eminem «The real slim shady»: *May I have your attention please? Will the real Slim Shady please stand up? I repeat, will*

*the real Slim Shady please stand up? We're gonna have problem here...*

Dei to drakk Bintang-øl. Så... eit lysglimt, eit smell, i løpet av sekund var dei omringa av flammor. Cabler kom seg på beina. I det same fall ei taksøyle over kameraten. Webby var ein av sju amerikanarar som var drept i terroråtakinget på Bali. Totalt mista 202 menneske livet, dei fleste balinesarar og australiarar. Og likevel var min amerikanske ven alt anna enn positiv til Bush og hans «krig mot terror». - Han gjer berre vondt verre. Me er i Irak, me trakkar på deira rettar, me invaderer deira heilage stader, me stør Israel i deira undertrykking av palestinarane. - Bush har handtert det heile på klumsete vis. Sjå berre korleis han snakka om krigen mot terror som eit krosstog. Kan du tru at han sa det?

På ein måte kan eg ikkje det, sjølv om eg hugsar at eg såg det på fjernsynet, og at eg rista på hovudet. Ordet krosstog har i den muslimske verda mykje same klangen som ordet *jihad* har fått i den vestlege. Bileta desse orda plasserer på netthinna er bilete av blodtørstige krigarar som går til åtak på uskuldige sivile for å tvinga fram sin religion.

Dagen etter drog eg frå Anglet og enda opp i Irùn, ein by på den spanske sida av grensa, ein by med ein noko slitt utsjånad og med terrorisme som del av si nyare historie. I 1997 vart ein politikar frå det konservative partiet Partido

Popular drepen på ein bar i byen. Tre år seinare gjekk to bomber av, utan at nokon vart drept og endå tre år seinare vart eit større terroråtak avverga då ei bombe vart funne ombord på madridtoget. Toget vart evakuert og bomba fjerna. Det mislukka terroråtakinget vart seinare brukt som eit «bevis» for at ETA<sup>1</sup> var involvert i terroråtakinga på Madrid 11. mars 2004. I røyndomen var det ei islamistisk gruppe som stod bak.

På jernbanestasjonen i Irùn møtte eg ein franskmann med opphav frå Martinique. For tida, fortalte han meg, budde han i Brasil, etter å ha reist frå USA. Han hadde også levd ei rekke andre stader verda rundt, Bali var ein av dei. Når eg nemnde den forferdelege historia den amerikanske surfaren hadde fortalt meg dagen før svara han med si eiga historie. Han også hadde mista vener i terroråtakinget. - Dei var balinesarar, sa han, - og det som kanskje irriterer meg mest ved det heile er at medan dei skadde utlendingane, australiarane, amerikanarene, fekk rask behandling var det lokale som ikkje fekk hjelp på fleire dagar.

Når ein høyrer om ofra i London, Madrid og New York er det lett å lata seg overtyda om at denne konflikta handlar om *oss*. - Amerikanarar spør seg kvifor dei hatar

---

<sup>1</sup> Dei som er interessert i ETA, kan til dømes lesa Philip Marquiles: Spain's Basque Terrorists, 2004

oss, sa president Bush i ei tale 20. september 2001<sup>1</sup>. - Dei hatar akkurat det me ser i dette rommet, ei demokratisk vald regjering. Deira leiarar er sjølvutnemnde. Dei hatar fridomane våre, religionsfridomen vår, ytringsfridomen vår, fridomen til å stemma og til å møtast og til å vera ueinige med kvarandre. Dei ynskjer å kasta eksisterande regjeringer i mange muslimske land, som i Egypt, i Saudi-Arabia og i Jordan.

Det Bush *ikkje* sa er at verken Egypt, Saudi-Arabia eller Jordan er særleg demokratiske. - Religionsfridom eksisterer ikkje i Saudi-Arabia, skriv Freedom House i sin rapport om landet, ein rapport som også skildrar manglande ytringsfridom, akademisk fridom, fråvær av retten til å organisera seg og korleis kvinner ikkje kan reisa utan mannleg følgje og heller ikkje kjøra bil. Det landet treng er at nokon stormar Bastillen.

I lys av dette er det lettare å sjå at islamsk ekstremisme handlar langt meir om konflikter djupt inne i den muslimske verda enn om oss og tildels om ei konflikt djupt inn i sjølve religionen islam. Salman Rushdie dreg ein historisk paralell han slett ikkje er åleine om når han ber om ein reformasjon av islam i Washington Post:

*Kvifor skulle Gud verta påverka av*

---

<sup>1</sup> Tala er tilgjengeleg her:  
<http://www.whitehouse.gov/news/releases/2001/09/20010920-8.html>

*sosioøkonomiske tilhøve i det sjuande hundreårets Arabia. Kvifor skulle Bodbringaren sine personlege omgjevnader ha noko å gjera med Bodskapen han kom med? Tradisjonalistane si avvising av historia spelar rett i hendene på dei bokstavleg-tolkande islamofascistane, og tillet dei til å låsa Islam inne i si eiga beinharde visse og urikkbare absolutt. Dersom Koranen derimot vart sett på som eit historisk dokument, då ville det vera legitimt å nyfortolka han i lys av dei nye tilhøva i stadig nye tider. Lovar laga i det sjuande hundreåret måtte endeleg vika for behova i det tjuefyrste. Den islamske reformasjonen må byrja her, med ei godkjenning av tanken om at alle idear, sjølv dei heilage, må tilpassast til ein røyndom som har forandra seg<sup>1</sup>.*

Tariq Ali seier noko av det same. Og det er ikkje så underleg. Anten ein ser på det ofte svært negative kvinnesynet, læra om *heilag krig* eller den inngrodde konservatismen ein utan tvil finn innanfor islam er det freistande å tenkja at religionen treng ein Muhammed al-Lutheri til å spikra opp teser på ei moskedør.

Men det er eit romantisk bilete av reformasjonen, dette biletet av ein – eg veit ikkje kor eg har det frå – litt godsleg munk som spaserer opp til slottskyrkjedøra i

---

<sup>1</sup> “The Right Time for An Islamic Reformation”, Salman Rushdie, 7.august 2005.

Wittenberg og hamrar opp tesane sine og så var det gjort. Medan ein stadig diskuterer om tesane om avlat faktisk *vart* hamra opp slik, er det ingen tvil om at reformasjonen kasta Europa ut i eit blodbad av enorme dimensjonar. Religionskrig etter religionskrig skulle rasa. Eit døme på blodbadet er det som hende i dei spanske Nederlanda, der hertugen av Alba kom for å få slutt på dei heidenske protestantane sitt opprør i 1567. I motsetnad til den lokale adelen, som etterkvart hadde vorte meir tolerant ovanfor sine religiøse motstandarar var hertugen knallhard. Han etablerte ein særeigen domstol kalla Problemrådet, som av nederlendarane vart kalla Blodrådet. I hemmelege rettsaker vart over tusen menneske dømd til døden og ti gongar så mange vart fråteke eigedom og gjort meir eller mindre fredlause. Sjølv grevane av Egmond og Horne vart arrestert og seinare avretta, berre fordi dei hadde vore for tolerante ovanfor protestantane, og på trass av at dei hadde erklært sin lojalitet til den spanske trona<sup>1</sup>.

Wilhelm av Orange slapp unna, han hadde mista trua i kongen tidlegare, reist frå Nederlanda april same året og leia etterkvart motstandskampen frå områda han kontrollerte i Tyskland, utanfor spanskekongen si rekkjevidde.

Samstundes flykta mange til Frankrike, England og det vestlege Tyskland, medan andre dreiv med rein

---

<sup>1</sup> Sjøå t.d. J.C.H. Blom: "History of the Low Countries", 1999

geriljaverksemd i håp om å få slutt på det spanske overherredømmet. Konflikta vart ytterlegare tilspissa då Wilhelm av Orange freista å invadera Brabant i oktober året etter, noko som til sjuande og sist mislukkast grunna mangel på både pengar og folkeleg støtte, men som likevel vert sett på som byrjinga av den såkalla åttiårskrigen. Fleire blodbad og masseflukt skulle fylgja, folketalet i Antwerpen vart til dømes over halvert i løpet av eit kvart hundreår.

Eit anna problem med dette ynskjet om ein islamsk reformasjon er at Luther og andre leiande protestantar slett ikkje var kvinnefrigjerarar, medan dei *var* hardnakka jødehatarar. Og trass i ideen om dei *to regimenta* (kyrkje og stat) resulterte protestantismen også i teokratiske statsdanningar, blant anna i Münster, men etter mange si meining også i det kalvinistiske Geneve.

Men det *største* problemet med ynskjet om ein islamsk reformasjon er likevel ikkje romantiseringa, men det faktum at denne reformasjonen har byrja for lengst. Akkurat som vår eigen er den ei blodig affære.

I denne boka freistar eg å utforska nokon av røtene til denne reformasjonen. I prosessen har eg snakka både med vanlege europeiske muslimar og med muslimske tenkjarar. Eg har studert islamistiske tekstar og lese tidsskriftene og nettstadane til radikale grupper. Likevel er dette, grunnleggjande sett, ei bok skrive frå eit

*europesk* perspektiv. Boka er skriven av ein europear, ein nordmann som bur i Belgia, ho er forma av europeiske debattar om islam, islamisme, innvandringspolitikk og terrorisme, ofte på bakteppet av europeisk historie.

I arbeidet med boka har eg også vore nøydd til å utelata mange ting eg ville ha teke med dersom eg hadde meir kunnskap, større kapasitet og sist, men ikkje minst, emna til å oppsummera ting det kan skrivast dusinvis av bøker om i løpet av eit kapittel eller to.

Eg har fokusert på den sunnimuslimske verda og har dermed utelatt moglege leksjonar som kan trekkjast frå den iranske revolusjonen eller frå shia-islamisme i Libanon. For ein nyttig introduksjon til khomeinismen og korleis det er mogleg – og jamvel riktigare – å sjå på denne som eit utslag av noko heilt anna enn *fundamentalistisk* Islam tilrår eg Ervand Abrahamian si essaysamling på det sterkaste<sup>1</sup>.

For eit feministisk perspektiv på utviklinga i den muslimske verda er sosiologen Fatima Mernissi<sup>2</sup> ei verdifull kjelde. Dei som ynskjer å lære meir om arabisk historie vil finna at Albert Hourani<sup>3</sup> sine bøker er ein god plass å byrja. Dei som vil ha meir kunnskap om Taliban

---

<sup>1</sup> E. Abrahamian: “Khomeinism”, 1993

<sup>2</sup> Til dømes F. Mernissi: “Beyond the Veil”, 2003

<sup>3</sup> A. Hourani: “A history of the Arab peoples”, 2005 edition

bør lesa Ahmed Rashid si imponerende analyse<sup>1</sup>. Dei som ynskjer meir innsikt i konflikta mellom Israel og Palestina, som eg har overlete til dei som skriv betre om ho, vil finna ei rekkje gode bøker på marknaden. To eg har hatt nytte av er Andrea Nüsse sin introduksjon til Hamas sin ideologi<sup>2</sup> og Barbara Victors glitrande «Army of Roses»<sup>3</sup>.

Eg skulle gjerne ha skrive om Badshah Khan<sup>4</sup>, «den muslimske Gandhi», om Ali Shariati<sup>5</sup>, om ei rekkje islamistiske politikarar i Egypt, om Adbolkarim Soroush, om Juhayman al-Utaibi, og om ei rekkje andre personar og grupper som på svært ulike måtar er ein del av det eg kallar ein islamsk reformasjon. Men eg vil ikkje famna for vidt og håpar i staden at denne boka kan inspirera til vidare lesning.

---

<sup>1</sup> A. Rashid: “Taliban: Islam, Oil and the New Great Game”, 2002

<sup>2</sup> A. Nüsse: “Muslim Palestine – The ideology of Hamas”, 1999

<sup>3</sup> B. Victor: “Army of Roses”, 2004

<sup>4</sup> Ein god biografi er E. Easwaran: “Badshah Khan – a man to match his mountains”, 2001

<sup>5</sup> A. Shariati: “On the sociology of Islam”, 1980, “Marxism and other Western fallacies”, 1980, etc.

## Feil strid

Den italienske journalistveteranen Oriana Fallaci er i krig<sup>1</sup>. Krigen hennar er mot islam. Det finst berre ein islam, seier ho, «ein pøl med vatn som ikkje rører seg. Vatn som ikkje sirkulerer, som aldri vert flytta, som aldri vert reint, som aldri blir rennande vatn som kjem til havet. Den vert lett ureina og har heller ingen stor verdi som drikkevasskjelde for husdyr. Hengemyra elsker ikkje Livet. Den elsker døden».

Islam freistar å invadere Europa gjennom livmødrene, skriv Fallaci i si bok «Fornuftens styrke». Muslimane formeirer seg «som rotter» og Europa har vorte ein «islamisk provins». Men verken desse påstandane eller det meste anna i Fallaci sine siste islamkritiske bøker er fornuftig. Konspirasjonsteoriane om EU, litteraturkonferansar og Vatikanet si rolle i «islamiseringa» er ganske kreative. Mykje av Fallaci sine såkalla fakta er direkte feilaktige.

Det er freistande å ta det ho skriv om Sveits som eit døme:

---

<sup>1</sup> Fallaci har skrive to bøker retta som kampskrifter mot islam, “Fornuftens Styrke”, 2004 og “Sinnet og Stoltheten”, 2003

*Dette landet Sveits kor Allah sine søner er fleire, mektigare og meir arrogante enn dei er i Mekka, og kor ein til deira rådighet og misbruk vedtok paragraf 261B i straffelova. Takka vera denne paragrafen kan ein muslimsk innvandrar vinna ein kva som helst privat, profesjonell eller ideologisk kontrovers ved å visa til religiøs rasisme eller rasediskriminering («Eg-fekk-ikkje-sparken-fordi-eg-stal-men-fordi-eg-er-muslim». «Han-drog-ikkje-til-meg-fordi-eg-befølte-rumpa-til-kona-hans-men-fordi-eg-er-muslim»).*

For å visa kor ille det er fatt i nabolandet mot nord<sup>1</sup> gjer Fallaci tre eksempel på folk som har vorte dømd på bakgrunn av den nemnde lova. Den fyrste er Erwin Kessler, som Fallaci skriv at «til likskap med Brigitte Bardot ikkje tåler halal-slaktinga». Det er nok sant. Men det var ikkje dette han vart dømd for. Kessler tåler nemleg heller ikkje den jødiske kosher-slaktinga og vart

---

<sup>1</sup> Azar Nasifi, forfattar av boka "Å lese Lolita i Iran", kan fortelja at det ikkje berre er Oriana Fallaci som har problem med Sveits. Det har også konservative krefter i Iran: "Allameh Tabatabai Universitet, hvor jeg hadde undervist siden 1997, var blitt utpekt som det mest liberale universitetet i Iran. Det ble sagt at noen i Departementet for høyere utdanning hadde spurt, rent retorisk, om man ved fakultet i Allameh trodde man levde i Sveits. *Sveits* var på en måte blitt økenavnet for vestlig løsaktighet, og en hvilken som helst plan eller handling som ble vurdert til å være uislamsk, ble utskjelt og fulgt av hånende bemerkninger om at Iran ikke på noen måte var Sveits».

dømd på grunnlag av utsegner om denne. Han kalla ho «avskyeleg brutalitet mot dyr», og samanlikna ho med overgrep gjort av nazistar. Vidare snakka han om «organisert jødedom sine avskyelege løgner» og samanlikna ein smilande jødisk slaktar på eit fotografi med ein smilande nazitorturist på eit anna. Kessler pleier kontakt med holocaustrevisjonistar og støttar åpent ytre høgre. Fallaci nemner ikkje noko av dette<sup>1</sup>.

Hennar andre eksempel er Gaston Armand Amaudruz, ein holocaustrevisjonist som vart dømd for ein artikkel der det heitte blant anna: «Eg, på mi side, gjentek det eg tidlegare har sagt: Eg trur ikkje på gasskamra. [...] Bevis dei og eg skal gjera det. Men eg har venta på desse bevisa i tiår og eg trur ikkje dei kjem til å dukka opp snart».

Fallaci nemner ikkje noko om dette heller, seier berre at Amaudruz gav ut «eit revisjonistisk tidsskrift», og kommenterer vidare: «I dag er det ikkje lov å gå gjennom historia og fortelja ho på ein annan måte enn det den offisielle versjonen gjer, friheten lenge leve». Hennar tredje eksempel er endå ein kjend Holocaust-revisjonist, Robert Faurisson.

På område etter område vrir Fallaci på sanninga på liknande vis, men det er lite i høve hennar tvilsame

---

<sup>1</sup> For fylldigare kritikk av Fallaci, sjå mitt essay “Idiotiens styrke”, 2004. Essayet vil verta gjort tilgjengeleg på nettsidene mine, oyvindstrommen.be. Her er også utfyllande kjeldereferansar.

talbruk. Ho hevdar til dømes at muslimane utgjer ti prosent av folketalet i Sveits, når dei i realiteen utgjer under fem, ho snakkar også om Russland sine muslimar som om dei var immigrantar, sjølv om dei fleste av dei har budd i landet i generasjonar. Kva slag prosentrekning ho tek i bruk når ho får Malta sine 3000 muslimar til å utgjera 13 prosent av eit folketal på nær 400.000 er vanskeleg å seia.

Det verste med Fallaci sine bøker er likevel ikkje alle feila, det er at dei er vorte bestseljarar, at Gyldendal reklamerer for «Fornuftens styrke» som «ei sylskarp analyse», at folk brukar desse bøkene til å gjera seg opp meiningar om innvandringspolitikk, til å forstå islam, til å skjøna islamsk terrorisme. Fallaci har likevel eit poeng når ho tek opp kvinner sin situasjon i den muslimske verda. Ein skal vakta seg for å overforenkla biletet, men det er ingen tvil om at situasjonen for kvinner i mange land er meir enn sørgeleg.

Mange muslimar vil hevda at det ikkje er islam som har skulda, men før-islamske skikkar som heng igjen, ukultur, dumme ektemenn eller for den del vestleg kroppsfokusering. Men det er ein for enkel utveg. Skal ein vera ærleg er det openbart at islam undertrykker kvinner. I Koranen finst det vers som definitivt underbyggjer og forsvarer kvinneundertrykking, som dette verset frå suraen (kapittelet) som heiter «Kvinnene»:

*Menn er formynderar for kvinner fordi Gud har utstyrt nokon av dykk med meir enn nokon andre og grunna utgiftene dei ber. Difor skal alle rettvise kvinner vera lydige og halda hemmeleg det Gud ynskjer bevart. Dei av dei de fryktar opprør frå skal de formana, ikkje gå til sengs med og slå. Er dei så lydige så gjer ikkje noko meir. Gud er opphøga, stor<sup>1</sup>.*

I nokre tolkingar av islamsk lov vert valdtektsoffer jamvel gjort til kriminelle og i nokre område av den muslimske verda kan ikkje kvinner gå utandørs utan følgje av ein mannleg slektning. Andre stader førekjem kjønnslemlesting av unge jenter, eit bestialsk rituale som inneber at delar av eller heile klitoris blir fjerna. Den mest omfattande varianten inneber at også dei indre kjønnsleppene og delar av dei ytre vert skore bort, før restane av dei ytre kjønnsleppene vert delvis igjensydd.

Fleirtalet av muslimar praktiserer ikkje omskjæring av kvinner i det heile, i motsetnad til den langt mindre problematiske omskjæringa av gutar som både jødar og muslimar ser på som ei religiøs plikt. Den grufulle tradisjonen er fyrst og fremst utbredt i Afrika, men finn også stad i blant anna Oman og Yemen, har eksistert blant etiopiske jødar, har vorte rapportert i Indonesia, Malaysia og på Sri Lanka og finst hos den shiamuslimske

---

<sup>1</sup> Koranen, 4:34, mi omsetjing (frå engelsk)

sekta Daudi Bohra i India. I nokre afrikanske land finst uskikken også blant kristne<sup>1</sup>, og den har vorte rapportert å eksistera blant urfolksgrupper i Sør-Amerika.

Heldigvis er det ikkje berre Fallaci som tek opp desse problema.

Det gjer også ei heil rekkje muslimar, som den iranske fredsprisvinnar Shirin Ebadi, som seier: - Mange nyttar Islam til å rettferdiggjera manglande likestilling. Dei tek feil. Islam er ein religion som trur på likeverd for alle menneske. Tilstanden for kvinner i muslimske land er grunna det patriarkalske systemet i desse landa, eit system som ikkje berre avviser likeverd mellom menn og kvinner, men som også avviser demokrati.

På alle områda nemnd ovanfor søker både islamske modernistar, liberalarar, feministar og jamvel langt meir konservative krefter å fremma andre tolkingar av både konkrete koranvers og av islamsk lov. Mange av desse meiner til dømes at det arabiske ordet som er omsett med «slå» i omsetjinga ovanfor – og med «stryk» i Einar Berg si bokmålomsetjing<sup>2</sup> – eigentleg skal omsetjast heilt annleis.

Med bakgrunn i dette vert det vanskeleg å seia at *all* islam undertrykker kvinner eller at islam *per definisjon*

---

<sup>1</sup> Amnesty International: “Female Genital Mutilation”, 1997

<sup>2</sup> Einar Berg (oms): “Koranen”, 1989

gjer det. Men samstundes er dette eitt av mange problem som faktisk eksisterer i islam, og det er problem som ikkje bør feiast under teppet. I den islamske verda er det heldigvis fleire og fleire som tek opp denne problematikken. I den vestlege verda må me vakta oss vel så ikkje dei einaste som gjer det er islamkritikarar av Oriana Fallaci sitt paranoide slag.

- Det er to islamistiske tendensar i verda i dag, sa den amerikanske statsvitaren Muqtedar Khan<sup>1</sup>, sjølv muslim med indisk bakgrunn, då eg intervjuar han like før jul i 2004. - Den eine leier til autoritære regime som under Taliban og i Saudi-Arabia, den andre går i retning av demokrati, slik som i Tyrkia. Det gjenstår å sjå kva islamistisk tendens som vil få overtaket.

- Ikkje eit einaste muslimsk land vert styrt av eit demokratisk regime, av eit folkeleg regime, skriv Fallaci i «Sinnet og stoltheten».

Muqtedar Khan meiner ei rekkje muslimske land er på ulike stadium i ein demokratiseringprosess. Han nemner Iran, Indonesia, Malaysia og Bangladesh. - Og i Pakistan ser valalliansen Mutahidda Majlis-e-Amal ut til å venda seg i demokratisk retning, seier Khan, - men kva toleranse dei har for politisk mangfald er endå ikkje fullt

---

<sup>1</sup> Muqtedar Khan har også skrive bøkene “Islamic Democratic Discourse”, 2005 og “American Muslims, Bridging Faith and Freedom”, 2002

ut testa.

Iran? Landet der ei lita gruppe islamske skriftlærde – vald utanfor folkeleg kontroll – kan overprøva både kven som kan veljast i parlamentsval og eventuelle lover vedteke i parlamentet dei måtte vera ueinige i? Landet der opposisjonelle risikerer fengsling og unge jenter har vorte offentleg avretta for å ha hatt sex utanfor ekteskapet?

- Det noverande iranske regimet er autoritært, men samstundes langt meir demokratisk enn det provestlege regimet under sjahen, hevdar Khan. - Iranarane har lærd å velja medlemmer til parlamentet og ein president og strevar for å meir liberale reformar gjennomført. Slik sett er det eit eksempel på islamsk demokrati og islamske demokratiske reformar.

På ein måte kan Khan ha eit poeng, Iran kan kanskje seiast å vera i ein demokratiseringsprosess, og demokrati var eit mål for mange av dei som støtta den iranske revolusjonen nokre tiår attende. Men i dag har det reaksjonære presteskapet vend seg mot ei undertrykking som på mange måtar minnar om sjahen si, og på nokre område kan seiast å overgå denne. Dagens demokratorørsle kjem ikkje frå regimet i landet, men frå folket og frå modige røyster som tidlegare nemnde Shirin Ebadi.

Oppe i alt dette er det freistande å seia at dei som etterlyser ein reformasjon i islam, slik Tariq Ali gjer i boka «The Clash of Fundamentalisms» har eit poeng. Men reformasjonen er allereie i gang. Fallaci har rett i at det føregår ein krig, men krigen er ikkje *mellom* islam og Vesten, slik ho trur. Krigen føregår *innad* i islam, det er ein kamp om sjølve sjela til verdsreligionen.

-

*Tawhid wa'l Jihad* – monoteisme og heilag strid - det kalte gruppa til den jordanske terroristen Abu Musab al Zarqawi seg<sup>1</sup>. Vestlege avislesarar kan lett koma til å undra seg over kvifor gruppa, som står bak ei rekkje kidnappingar, halshogging og terroraksjonar i Irak, brukar dette namnet. Stephen Schwarz, journalist og forfattar av boka *The Two Faces of Islam: The House of Said from Tradition to Terror* kom med mykje av forklaringa i ein artikkel i Weekly Standard i oktober 2004. Han peiker på den islamske trusretninga wahhabisme, ei trusretning som vaks fram i det attande hundreåret og har fått namnet sitt etter grunnleggjaren Muhammad Ibn Abd al Wahhab (1703-1792).

---

<sup>1</sup> Gruppa skifta seinare namn til Al Qa'ida i landet mellom dei to elvene, ein referanse til Euftrat og Tigris. Slik peiker namnet på landet Irak utan å peika på nasjonalstaten Irak, som islamistar som Tawhid wa'l Jihad er motstandar av. Al Zarqawi døydde som følgje av eitt bombeåtak i juni 2006.

Sjeik Mohammed al Abdah, tidlegare redaktør for det londonbaserte magasinet Albayan, fortel om Ibn Wahhab på ein måte som har mange paralellar til historia om profeten Muhammad sjølv<sup>1</sup>:

*Mot slutten av det ellefte hundreåret etter hijra – det attande etter vestleg tidsrekning – var den islamske verda gamaldags og full av ignoranse på alle livets område. Trua sitt lys hadde forsvunne frå hjarta til mange muslimar og sharia-lovgjevingane var sverta og øydelagd slik at mange muslimar var offer for ulike typar shirk eller polyteisme. Dei sette andre ved sidan av Gud og tok del i jahilliya (religiøs ignoranse) på lik line med det som var tilfelle før Islam vaks fram. Mange muslimar trudde at enkelte personar var heilage og i stand til å hjelpa dei, til siger, til betre helse, osv. Overtru, fablar og nyvinningar [i religionen] var vanleg. Mykje rikdom og materiale gjekk med til å byggja gravstadar som også var mål for pilgrimsferder og dyreoffer vart gjeve ved desse.*

*Dessutan opphøga og dyrka dei spesifikke tre og steinar og søkte velsigningar frå desse falske gudane. Det er eit faktum at folk i Baghdad brukte å søkja velsigning frå ei rusta ottomansk kanon.*

---

<sup>1</sup> Al Abdah sin tekst “New Dawn” var tidlegare tilgjengeleg på nettstaden islamland.org.

*Dei tok borna sine med til kanona og søkte hjelp frå ho til å gje dei gode eigenskapar som talarar.*

*Samstundes var den arabiske halvøya ekstremt oppdelt. Kvar einaste landsby hadde sin eigen emir, og tilhøva mellom landsbyane var basert på fiendskap, for ikkje å nemna dei bitre konfliktene som karakteriserte tilhøvet mellom byane og landområda. Enkelte i nomadestammene nytta eit kvart høva til å raida småstader og byar og stela eigedomane til dei som budde der. Stiar og vegar var utrygge og reiser var farlege.*

*Midt i hjartet av dette kaoset, mørkret og uordenen gjorde ei stemme seg til kjenne, ei stemme som kalla folket til å venda attende til reinskapsen og venleiken i trua, til den reine religionen og full underkasting til Gud, til monoteisme. Den stemma tilhørde sjeik Muhammad ibn Adb al Wahhab.*

For oss framstår sjølvstøtt alle muslimar som monoteistar. Islam avviser ideane om fleire eller mange gudar, og forfektar trua på berre ein. Det er ingen Gud utanom Gud, heiter det i den islamske trusvedkjenninga.

For tilhengjarane av wahhabismen er det imidlertid, som teksten over demonstrerer, langt frå så enkelt. Wahhab hevda at muslimane hadde gått bort frå den sanne

monoteismen og attende til å vera vantru polyteistar. Ideane hans fall ikkje berre i god jord, og han vart vist bort frå heimstaden al Uyynah. Han reiste til ein annan liten by, ad-Diriyah, der han vart ynskt velkomen av den lokale herskaren, Muhammad ibn Saud.

Det namnet får kanskje nokon til å heva eit augebryn. Ibn Saud er ingen ringare enn forfaren til dagens saudiske kongefamilie og takka vera alliansen mellom desse to leiarane, ein religiøs og ein politisk, er wahhabismen i dag statsreligion i Saudi-Arabia.

Alliansen vart fornya av grunnleggjaren av dagens saudiske kongedøme, Abdul Aziz Ibn Saud. I løpet av tredve år samla Ibn Saud dagens Saudi-Arabia under seg gjennom krig og erobring. Sidan den gongen har kongehuset nytta seg av den wahhabistiske tolkinga av islam for å utøva sosial kontroll og for å skaffa seg sjølv politisk legitimitet. Landet kallar jamvel seg sjølv *monoteismens land*, og ideane om at mange av verdas muslimar eigentleg ikkje er muslimar lever i beste velgåande.

Wahhabistane ser på si tru, som dei sjølv ikkje omtaler som wahhabisme, som den eigentlege og reine forma for islam. – Spør du ein wahhabi vil han seia at det ikkje finst noko slikt som wahhabisme, forklarte ein av retningen sine framste kritikarar, den kuwaitiskfødde juristen og shariaeksperten Khaled Abou El Fadl, då eg

intervjua han i januar 2005. – Dei vil hevda at det berre er fiendane deira som brukar dette ordet.

Fiendar har wahhabismen nok av. I fylgje dei er *shirk* – eit arabisk ord som grovt kan omsetjast med polyteisme, trua på fleire gudar – ei utbredt synd blant muslimar. Shiamuslimane er skuldige fordi dei ber ved gravstandane til marttyrar og framtreidande skriftlærde. Sufimuslimar, tilhengjarar av ein spirituell tradisjon som ofte vert samanlikna med jødisk kabbala og kristen gnostisisme, ein tradisjon som er viktig i store delar av den muslimske verda, på Balkan, i Tyrkia, i Sentral-Asia, i India, i Indonesia, i Kurdistan, er skuldige grunna disippeltradisjonen sin, der sjeikar trekkjer til seg læresveinar omlag slik indiske guruar gjer det. At dei har ein helgentradisjon minst like sterk som den ein finn i den katolske kyrkja gjer ikke saka noko betre.

Jødar og kristne er sjølv sagt heller ikkje særleg populære innan wahhabismen. Tradisjonelt har bae gruppene hatt ei verna stilling innan islam, sjølv om overtrampa har vore mange. Historisk hadde jødane likevel langt betre kår i det muslimske Spania enn i det kristne, og det ottomanske kalifatet anerkjende til dømes jødane sin “reine monoteisme”. Men wahhabistane mislikte ottomanarane, som dei såg på som tilhengjarar av sufismen og venar av shiismen og dei hatar jødane, som gjev rabbiar religiøs autoritet og kristne, som med si tru på treeinigskapen er openbare polyteistar.

Det mest sentrale verket til Ibn Abd al Wahhab heiter *Kitab al-Tawhid*, eller Monoteismens Bok. I denne og andre bøker hevdar Wahhab at islam har degenerert til idoldyrking, og han viser til ei rekkje eksempel han meiner illustrerer dette; årlege festar for martyrar, heilaggjering av gravstadar, magi og hekseri, bruk av profetar, helgenar og englar sine namn i bøn osv. Han skisserer også løysinga på det “alvorlege problemet” – nemleg ei reinsing der blodet og eigedomane til “dei skuldige” ikkje skal respekterast. I dei mest militante tolkingane av wahhabismen er både shiamuslimar, tilhengjarar av sufismen, kristne, jødar, ja, kort sagt alle som ikkje føl Ibn Abd al Wahhab si line, legitime mål i ein heilag krig<sup>1</sup>.

-

Ideane om å reinsa Islam for nyvinningar og uislamske

---

<sup>1</sup> Eit døme som understrekar denne fiendtlege haldninga ovanfor andre retningar innan islam er avrettinga av den syriske statsborgaren al-Naqshabandi 13. november 1996. Naqshabandi vart dømd for å ha praktisert heksekunst mot sin saudiske arbeidsgjevar, prins Salman bin Saud bin Abd al-Aziz, ein nevø av kong Fahd. Det viktigaste “beviset” i saka var eit smykke med påskrivne koranvers funne i ei skuffe i kontorpulten hans. Smykket hadde han fått av mora som vern mot vonde ånder. I følgje saudiske myndigheiter var både dette og nokre bøker om sufismen Naqshabandi hadde i heimen, eit prov for at Naqshabandi var ein kjettar av det mest ufyselige slag som fortente inga mindre straff enn døden.

konsept dukka ikkje opp for fyrste gong med Ibn Wahhab. Sjølv om fanatikaren frå den arabiske halvøya utvikla si eiga lære henta han også inspirasjon frå tidlegare islamske skriftlærde. Den viktigaste av desse er kanskje Taqi al Din Ibn Taymiyya (1263-1328)<sup>1</sup>.

Ibn Taymiyya levde i ei tid der det islamske Midtausten stod ovanfor mange utfordringar. Etter ei heil rekkje kristne krosstog frå vest hadde dei mongolske hordane invadert frå aust. Baghdad fall berre fem år før Ibn Taymiyya vart fødd inn i ein syrisk familie, med ein far som også var skriftlærd. Innad i den muslimske verda var det omfattande splid.

Etter å ha fullført ei høgare islamsk utdanning allereie som nittenåring etablerte Taymiyya seg som religiøs autoritet utan å knytta seg spesielt til nokon av dei fire anerkjende sunnimuslimske lovskulane, Hanafi, Maliki, Shafii og Hanbali (seinare vert han imidlertid rekna å høyra til den siste av dei fire). Til liks med Wahhab gjekk Taymiyya til åtak på det han oppfatta som nyvinningar innan islam, blant anna – som sin etterføljar – sufiane sin helgentradisjon. Taymiyya meinte dessutan at målet for menneska ikkje var å læra Gud å kjenna, ikkje å spekulera om Gud slik teologar ofte gjorde og heller ikkje å elska Gud. I staden var målet å tena Gud gjennom

---

<sup>1</sup> Ein biografi og ei oversikt over Ibn Taymiyya sine verk er tilgjengeleg på nettstaden:  
[http://www.usc.edu/dept/MSA/introduction/wasiti/taimiyah\\_3.html](http://www.usc.edu/dept/MSA/introduction/wasiti/taimiyah_3.html)

å dyrka han og vera lydige mot han:

*Islam som religion kviler på desse to prinsippa, å dyrka Gud åleine og å dyrka han gjennom å gjera det han har føreskrive. Han vert ikkje tent gjennom nyvinningar... Når skuld er påvist gjennom bruk av bevis eller vitnemål er det ikkje tillatt å oppheva den lovpålagte straffa, verken [...] gjennom bøter eller på nokon annan måte. Tjuven si hand må kappast av, for gjennomføringa av straffer er ei av handlingane i religionen akkurat slik jihad i Guds veg er.*

Ordet jihad vert ofte oppfatta som synonymt med heilag krig, nærast som ein slag muslimsk krosstog. Rottydinga av ordet er imidlertid ei anna, det kjem av verbet *å streva*, og jihad vert brukt i ei rekkje ulike samanhengar der nokon strevar for Guds sak. Taymiyya legg imidlertid, til liks med dagens militante islamistar, ikkje berre vekt på til dømes indre, andeleg kamp, men også på krig i Guds namn:

*Ordra om å ta del i strev for Guds sak og fordelane ved å gjera dette er nemnd eit utal gongar i Koranen og tradisjonen [etter Muhammed]. Difor er slikt strev den beste friviljuge [religiøse] handling ein kan utføra... Jihad inneber alle former for gudsdyrking, både den indre og den ytre... Sidan lovleg krig*

*grunnleggjande sett er strev for Guds sak og målet for denne er at all religion skal vera for Gud og at Guds ord skal stå høgast er det – i følgje alle muslimar – slik at dei som står i vegen for dette målet må bekjempast.*

Diverre for Taymiyya var mange av synspunkta hans kontroversielle. Han vart fengsla for dei mange gongar og døydde også til slutt i fengsel i byen der han hadde vakse opp, Damaskus. Ibn Wahhab var heldigare, då han døydde nitti år gamal hadde store delar av den arabiske halvøya vorte samla under den wahhabistiske monoteismens banner.

Det er verd å dvela ved Saudi-Arabia. Landet representerer nemleg mange av dei største paradoksa i den såkalla krigen mot terror. I ein artikkel i magasinet Babylon peiker statsvitaren Stig Stenslie på at kongefamilien si makt kviler på tre søyler: wahhabiislam som politisk verktøy, oljeinntekter som middel for å kjøpa politisk støtte og sist, men ikkje minst, venskapet med USA som vern mot eksterne trugsmål. Til gjengjeld har saudiarane, med unntak av ved oljekrisa i 1973, sikra amerikanarane stabile oljeleveransar til gunstige prisar.

Men det er eit underleg venskap, noko som kan illustrerast med ei historie frå sumaren 2003. Då kom det nemleg ein rapport om 11. september som kanskje vart vel så omdiskutert for det den ikkje innehaltdt som den

det innehaldt. 28 sider frå rapporten vart halde hemmeleg.

I februar same året hadde den amerikanske utanriksministeren Colin Powell skulda Irak for å ha samarbeida med al Qa'ida. Han hevda at terroristen nemnd ovanfor, abu Musab al Zarqawi, har fungert som eit bindeledd mellom Saddam Hussein sitt regime, al Qa'ida og gruppa Ansar al Islam, i Noreg mest kjend for å ha vore leia av mulla Krekar. Argumenta Powell framsette vart fort imøtegått, det finst den dag i dag heller lite som tyder på at al Zarwaqi har den posisjonen han vart tilskrive.

Til dags dato har det framleis ikkje kome prov på samarbeid mellom det irakiske regimet og bin Laden sine menn. Fleire offisielle rapportar har vorte utarbeida om 11. september, utan å peika på Irak. Spekulasjonar om ei eventuell saudisk rolle har imidlertid dukka opp fleire gongar, blant anna i samband med dei 28 'blanke' sidene.

Ein av personane som vert nemnd i den samanhang er Omar al Bayoumi, ein saudisk student som vart etterforsa av FBI grunna mistanke om terrorkoplingar allereie i 1998. I den publiserte delen av rapporten vert det fortald at al Bayoumi skal ha hatt kontakt med og betalt husleiga til to av flykaprarane som var med på terroråtaka 11. september. Amerikanske media har sitert anonyme kjelder på at Bayoumi sjølv var saudisk agent

på dette tidspunktet, noko som vert kategorisk avvist av Saudi-Arabia. I rapporten heiter det også at Bayoumi indirekte skal ha mottatt pengar frå prinsesse Haifa al Faisal, kona til den saudiske ambassadøren i USA, prins Bandar.

To månadar før 11. september drog al Bayoumi frå USA. Han er no busett i Saudi-Arabia, der han har vorte forhøyrd av amerikansk politi. Han nektar for å ha kjend til kaprarane sine intensjonar på førehand og skuldar folk bak rapporten for å koma med fabrikerde påstandar mot han. - Dette handlar berre om ein som har vore på feil plass til feil tid, hevdar prins Bandar.

Men ikkje alle er einige. Den tidlegare CIA-mannen Robert Baer<sup>1</sup> sa i samband med ståket at al Bayoumi burde ha vore fengsla og at han har fleire koplingar til 11. september enn Zacarias Moussaoui, ein av dei som vart fengsla i USA i kjølvatnet etter terroraksjonane. Baer har gjeve ut boka «Sleeping with the Devil – How Washington Sold Our Soul for Saudi Crude». Boka omhandlar forholdet mellom USA og Saudi-Arabia. Baer meiner at ein finn ei rekkje bin Laden-sympatisørar med posisjonar i det saudiske regimet.

Uavhengig av kva som er sant om 11. september, saudiske myndigheiter har avvist påstandar om at dei skal

---

<sup>1</sup> Forfattar av bøkene “Sleeping with the devil”, 2004, “See no evil”, 2005 og “Blow the house down” (roman), 2006

ha hatt noko med terroråtaka å gjera som 'makabre', tek Baer iallfall opp ein viktig ting. Samstundes som det er liten tvil om at den saudiske kongefamilien har hatt sine eigen militante islamistar å stri med, som då den store moskeen i Mekka i 1979 vart okkupert av Juhayman al Utaibi og hans puritanske og militante islamistgruppe, er det også lita tvil om at landet sidan femtitalet har investert betraktelege delar av oljeinntektene sine i etablering av religiøse stiftingar og læresentra forvalta av wahhabipresteskapet.

Samstundes har kongedømet vore ein tilfluktsstad for islamistar som hadde kome på kant med myndigheitene i sine eigne land, særleg medlemmer av det såkalla muslimske brorskapet i Egypt. Framtredande islamistar har fått undervisingsstillingar ved dei nye saudiske lærestadane og unge muslimar frå heile den muslimske verda har vorte lokka til desse med lukrative stipendordningar. Med seg attende til heimlanda tok dei wahhabidoktrina, som raskt fekk økenamnet «petroislam».

Når desse radikale ideane vart spreidd var det delvis ut frå eit ynskje om å demma opp for blant anna kommunisme og arabisk nasjonalisme. Dessutan ynskje Sa'ud-familien delvis å styrkja sin legitimitet som rette islamske herskarar. Men samstundes ligg eitt av dei genuine problem til islam i nettopp Saudi-Arabia. I boka «The Crisis of Islam» kjem den populære, men

omdiskuterte, islamvitaren Bernard Lewis<sup>1</sup> med ein interessant parallell.

Han meiner situasjonen kan samanliknast med situasjonen som hadde oppstått om Ku Klux Klan eller ei tilsvarende gruppe hadde skaffa seg total kontroll over delstaten Texas, og etterpå brukt oljeinntektene frå delstaten til å etablere velutstyrte skular og universitet i heile den kristne verda, for slik å spreia si eiga – og heilt spesielle – fortolking av kristen tru.

Lewis meiner røyndomen er endå verre, fordi fleire muslimske land har hatt eitt manglande offentleg skulesystem og dei wahhabistøtta skulane dermed har vorte den einaste utdanninga som har vore tilgjengeleg for mange unge muslimar. Kontrollen med dei heilage stadane Mekka og Medina og oljeinntektene har gjeve verdsomspennande innverknad til det som elles hadde vore ei ekstrem yttergruppe i eit marginalt land, oppsummerer Lewis.

Wahhabikritikaren Abou El Fadl, som også er kjend for sitt arbeid i menneskerettsorganisasjonen Human Rights Watch, seier mykje av det same. - Problema eg har med wahhabismen er også problem med den typen tenkning retninga representerer.

- Eg er svært kritisk til dei puritanske rørsle, som ser

---

<sup>1</sup> B. Lewis: "The Crisis of Islam", 2004

bakover i historia og trur at muslimar av i dag skal kunna kopiera det tidlege Islam tankelaust og slik på eit eller anna vis skapa det perfekte samfunn. Slik utopisk tankegang er farleg og får folk til å oversjå mange av dei faktiske problema muslimar står ovanfor. Det er ei tenking der alt er anten godt eller vondt, ei tenking som leier til fordommar og dei mest ekstreme generaliseringar, og samstundes er svært fiendtleg ovanfor rasjonalisme, til dømes ovanfor filosofi, som vert omtala som ”djevelens vitskap”, men også ovanfor blant anna statsvitskap og sosiologi. Berre i naturvitskap er det noko positivt å finna for dei, og ikkje innan humanistiske fag. - Den einaste moralen som er gyldig for puritanske rørsler er moralen dei finn i kva enn for ein tekst dei les, og eg har ei aukande kjensle av at det ikkje er slik at dei les ein tekst og så dreg etiske konklusjonar, men at dei lest teksten selektivt for å få han til stø dei konklusjonane dei sjølv gjer.

– Men kvifor er det særleg wahhabismen eg har gått til åtak på? Wahhabistane er skuldige i alt dette, men eg har ei særleg motvilje mot dei fordi dei heilt sidan rørsle sine unge dagar har gjort seg skuldige i ei talrike menneskerettsbrot, mot shiamuslimar, mot sufiar, mot folk som har vorte identifisert som rasjonalistar. Samstundes la eg merkje til at Saudi-Arabia svært aktivt misjonerte for wahhabismen for å gje retninga ei viktig rolle innan Islam.

- Dette er fullstendig katastrofalt, sidan denne retninga tømmer Islam for rasjonelt, humanistisk og jamvel kreativt og kunstnarisk innhald, ho er jo fiendtleg ovanfor musikk og poesi.

- I realiteten øydelegg ho kulturen, og i staden kjem ein svært intolerant ideologi. Eg ser på det som ein stor fare for Islam. Sjølv historia er wahhabismen fiendtleg ovanfor, sidan det meste av islamsk historie vert sett på som avvikande frå den sanne religionen. Og kva vert historia erstatta med? Ingenting. Berre ein haug med puritanske reglar om kva ein skal gjera og ikkje, korleis ein skal sitja, korleis ein skal eta, korleis ein skal gå på toalettet, korleis ein skal elska med kona si. I tillegg vert kvinner ikkje behandla som menneske, men som slavar av ektemennene, som skit.

Høyrest Abou El Fadl sin kritikk av wahhabismen mykje ut som Fallaci sin kritikk av islam? Kanskje det. Den store forskjellen er imidlertid at fyrstnevnte sin kritikk er langt meir presis.

Fallaci og andre snakkar om islam som *ein* fiende. I realiteten er det minst *tre* høgst ulike motstandarar dei som kjempar for demokrati og menneskerettar, for likestilling og politisk pluralisme, mot terrorisme og vald, har med å gjera i den muslimske verda. Ingen av dei *er* islam. Alle har koplingar til islam som religion, sjølv om to av dei må seiast å ha minst like tydelege koplingar til

den vestlege verda og til vestleg politisk tankegods. Dei tre motstandarane eksisterer stundom saman, men er langt oftare i strid med kvarandre enn dei er allierte. I Saudi-Arabia finn ein alle tre.

Den fyrste er den mest openbare, militante islamistar som Tawhid wa'l Jihad, grupper som gjer seg skuldige i terrorisme. Deira tolking av islam er alt anna enn mainstream, alt anna enn konservativ, ofte inspirert av skriftene til ideologar som har omfortolka klassiske islamske omgrep på radikalt vis, eller jamvel introdusert *jihad* som ei sjette søyle i islam, slik ein ekstremist, som eigentleg var elektrikar og slett ingen teolog, gjorde i pamfletten ”Den løynde plikta” seint på syttitalet. Den mest kjende representanten for denne fyrste motstandaren er Osama bin Laden, den saudiske rikmannssonen. I dag er han for lengst fråteke sin saudiske statsborgarskap, men på slutten av åttitalet kom han attende til heimlandet som ein helt etter å teke del i krigen i Afghanistan, slik biografen Yossef Bodansky skildra i 1999<sup>1</sup>:

*Lovprisinga og mediamerksemda retta mot bin Laden gjorde han til ein ettertrakta kjendis. Han tala ved tallause moskear og i private møte. [...] Bin Laden skildra Islam sine store triumfar mot den vantru supermakta og hevda at den afghanske jihad prova at ingenting kunne stogga den*

---

<sup>1</sup> Y. Bodansky: “Bin Laden: The Man Who Declared War on America”, 1999

*muslimske nasjonen når denne var tru mot Islams rettferdige praksis.*

Det er ikkje dermed sagt at Saudi-Arabia ikkje har sine egne ekstremistar og fanatikarar å stri med, som terroraksjonar dei siste åra gjer tydelege og blodige døme på.

Den andre motstandaren er den konservative islam. Det er ein motstandar som kan likna mykje på motstandarar av det sekulære samfunnet me finn i våre eiga vestlege verd. I boka ”The Legacy of the Prophet”<sup>1</sup> skriv den amerikanske journalisten Anthony Shahid om eit opptog der sinte demonstrantar klagar over korleis staten freistar å halda deira tru vekk frå offentlegheita. Religionsfridom er ikkje det same som fridom frå religion, ropte dei, og religionen burde alltid stå i sentrum for både det offentlege og det private liv. – Me teiknar ei line i sanden og seier ’Djevel, du har teke nok frå oss’, ropte ein sint geistlig frå trappene til eit statleg bygg til jubel frå folkemengda. Ein dommar som hadde fått sterk kritikk for å lova å bringa trua attende til rettssalen sin, sjølv om det tyda at han måtte bryta lova, tala til dei tusenvis av menneska som hadde møtt fram: - At de er her i dag vil spreia ein bodskap over heile landet. Bodskapen er klar: Me må – nei, me vil – ha Gud attende.

---

<sup>1</sup> Anthony Shahid: “Legacy of the Prophet”, 2002. Shahid har også skrive boka “Night draws near: Iraq's people in the shadow of America's war”, 2006

Det hende i Alabama, USA, i 1997.

Konservativ islam tyder ofte kvinneundertrykking, det tyder ei negativ haldning til homofile, og ein er motviljug til endring. I så måte står konservativ islam også i eit motforhold til både militant og annan islamisme, som står for radikal nyfortolkning og radikal endring. I blant kan dei to likevel alliera seg med kvarandre, ut frå eit felles ynskje om å gje islam ei viktigare rolle i samfunnet. Konservativ kristendom kan likna mykje på konservativ islam, bergenspredikanten Enevald Flåten har til dømes gjort seg kjend med utsegner som ”pass munnen din, kvinne” og gjennom å seia at homofile er verre enn grisar. Menigheita hans, Levende Ord, er ikkje utan politisk innverknad. Ivar Kristianslund, den tidlegare leiaren for Kristent Samlingsparti, no kasta ut frå partiet, har gjort seg bemerkta med eit ynskje om å forby kyssing blant mindreårige og ugifte fordi ”kyssing hører samlivet til”<sup>1</sup>. Men det er ein forskjell på kristenkonserveratismen i Europa og den islamske konservatismen i store delar av den muslimske verda, sistnemnde har langt meir makt og

---

<sup>1</sup> I eit tett-på-nett-møte med VG-lesarar i etterkant av at han skal ha ytra dette ynskjet nektar han for at han ynskjer eit forbod. Han skreiv: *“Jeg er inneforstått med at ikke nødvendigvis all kyssing representerer synd. Men jeg er opptatt av å advare mot fristelser og forførelser”*.

Sjå: [http://interaktiv.vg.no/tett\\_paa\\_net/html/98ivark.html](http://interaktiv.vg.no/tett_paa_net/html/98ivark.html)

langt større innverknad. Og ikkje sjeldan er den også meir ekstrem.

Den tredje motstandaren er dei despotiske regima ein finn i mange land i den såkalla muslimske verda, regime som det saudiske, som det egyptiske, som det turkmenske, som det kuwaitiske, regime der folkevilja har liten eller ingen innverknad på politikken og menneskerettsbrot er utbreidt. Desse regima vert ofte sett på som allierte i kampen mot terrorisme og radikal islamisme, ein kamp dei har kjempa med til dels brutale middel. Alle dei fire nemnde landa har støtte i Vesten. Men er dei verkeleg allierte?

Khaled Abou El Fadl seier: - For at radikalismen sine kjelder skal døy ut må dei despotiske regima bort. Det er deira tvang og dobbeltmoral som skaper storparten av rekruttane for ekstremismen. Men eg trur ikkje at det er ei løysing at USA invaderer kvart einaste muslimsk land. Muslimane må ta saka i sine eigne hender, på same vis som det som hende i Aust-Europa. Dei må krevja fridom og menneskerettar, slik dei fortener. Dersom dei ikkje gjer det, vil islam sine reformistar berre kunna hindra ekstremismen i å spreia seg. Dersom dei despotiske regima vert kasta vil reformismen verta den klare mainstream innan islam.

## Slagmarka

Eit gamalt vestafrikansk ordtak seier: - Salt kjem frå nord, gull frå sør og sølv frå dei kvite sitt land, men Guds ord og visdomens skattar finn ein berre i Timbuktu.

I Europa var namnet på denne byen omlag som eit eventyr, distansen var enorm, Timbuktu stod for det fjerne og mystiske. Den dag i dag er Timbuktu, og det fattige landet der byen ligg, sjeldan nemnd i norske media. Landet er for lite, for fattig, tilsynelatande er det kanskje for likt på andre land i regionen, prega av analfabetisme, herja av korrupsjon og militærregime i fleire tiår. Når Mali ein sjeldan gong er nemnd i norske aviser er det som regel i samband med Dakar-rallyet, og ikkje i samanhang med politikk eller religion. I kampen om islam si sjel er likevel Mali interessant.

For å skjøna kvifor kan ein lesa den årlege rapporten frå Freedom House om demokratiske og sivile rettar verda over. Saman med rapporten offentleggjer organisasjonen eit kart, der alle verdas land er gjeve fargar etter kor demokratiske dei er. Frie land har fått grønfarge, delvis frie land er farga gule, medan ufrie land er farga lilla.

Sjølv om rundt halvparten av verdas muslimar bur i demokratiske land, som India, kjem dei fleste landa i den

såkalla muslimske verda dårleg ut, frå Marokko i vest til Indonesia i aust. Tyder dette at Fallaci har rett i sin påstand om at «ikkje eit einaste muslimsk land vert styrt av eit demokratisk regime»?

Svaret er nei. Fallaci tek feil igjen, og for å oppdaga det er det nok å ta ein titt på Afrika på Freedom House sitt kart. Den ufrie fargen går over kontinentet som ein pest, og berre nokre få statar er farga med grønt. Ein av desse er Mali, der muslimane utgjer omlag nitti prosent av folketalet, og i rapporten heiter det:

*Maliske statsborgarar kan velja styresmakter på demokratisk vis. Sidan militærstyret tok slutt har den politiske debatten i Mali vore vore open og omfattande. Trass i at nokre regelbrot vart påpeika av internasjonale observatørar vart presidentvalet i 2002 rekna for å vera godt gjennomført, på ein måte som tillet innsyn.*

I rapporten vert Mali rangert på line med land som Kroatia og Mexico. Mali har fått skryt frå FN sin menneskerettskomite, og Amnesty International har lite å utsetja på landet. Så demokratisk er landet at det har vorte eit økonomisk problem. Eit presidentval med eit tjuetals presidentkandidatar er langt dyrare enn eit “val” med berre ein kandidat.

Ein treng imidlertid ikkje gå langt attende i historia for å

finna eit anna Mali, eit Mali styrd av ein korrump militærdiktator, Moussa Traore. Det var når nyhenda om endringar i aust-Europa og Sør-Afrika gav prodemokratiske grupper ny motivasjon tidleg på nittitalet at situasjonen endeleg skulle endra seg. I mars 1991 gjekk blant anna studentar ut i gatene for å krevja yringsfridom, organisasjonsfridom og innføring av eit fleirpartisystem. Traore sette inn militæret mot demonstrantane. Mange vart drepne, blant anna på ei bru i hovudstaden Bamako som i dag går under namnet martyrbrua. Blodbadet sjokkerte det maliske folket. Det sjokkerte også oberstløytnant Amadou Toure.

25. mars leia han eit militærkupp, Traore vart arrestert og dagen etter annonserte Toure at Mali skulle verta eit demokratisk land og at han ville gje makta frå seg så snart som val hadde funne stad. I motsetnad til mange andre militære kuppakarar heldt Toure løfta sine.

- Eg gav mitt løfte som maliar, sa Toure i eit intervju med Chicago Tribune frå desember 2004<sup>1</sup>. - Mitt poeng var at heile folket kjempa for demokrati og at ingen har rett til å monopolisera makta.

Historia om det moderne Mali sin overgang til demokrati er påfallande lik historia om Mali sin grunnleggjar,

---

<sup>1</sup> "Democracy, Islam share a home in Mali", Lisa Anderson, Chicago Tribune, 15. desember 2004,

Sundiata Keita<sup>1</sup>. I følgje legender vart Nare Fa Maghan, ein lokal konge i landet ein gong vitja av ein jegar frå nord. Denne jegaren kunne fortelja at to andre jegarar ville koma etter han, og at dei ville ha med seg ei uvanleg stygg kvinne. Ho måtte kongen gifta seg med, for ho ville verta mor til Malis største herskar nokosinne. Seinare kom, som jegaren hadde fortald, to andre jegarar med ei pukkelrygga kvinne – Sogolon Kedju - og kongen gjorde som han hadde vorte bede. Ikkje lenge etter vart Sogolon gravid.

Kong Maghan si fyrste kone, Sassouma, var sjalu. Ho ville at hennar son Dankaran Touman skulle verta Mali sin neste herskar. Ho freista å drepa Sogolon, men mislukkast i det og guten vart fødd. Han fekk namnet Mari Diata, men vart seinare kalla Sundiata. Sassouma var letta. Guten viste seg å vera ikkje berre stygg, men også lam.

Då Dankaran seinare kom til makta vart Sundiata tvunge til å gøyma seg i utlandet, den slu dronninga såg på han som eit trugsmål mot sonen. I mellomtida hadde han imidlertid lært seg å gå, på nær magisk vis, og snart skulle han venda attende for å frigjera landet frå ein endå meir vondskapsfull konge, Suamoro, som hadde erobra landet og tvunge Dankaran i eksil. Det heile endar med eit stort slag ved Kirina, der Sundiata gjekk av med sigeren.

---

<sup>1</sup> Sjø D.T. Niane: "Sundiata: Epic of Old Mali", 1995

I følge legenda skal han etter dette ha samla dei ulike kongane i området og fordelt både land og makt rettferdig dei ulike stammene imellom, ein demokratisk gest folk i Mali framleis ser stolt attende på. Med andre ord framstår demokrati på ingen måte som noko framandt eller trugande i Mali, men som noko landet har lange tradisjonar for, som Zeric Kay Smith skreiv i ein artikkel i Journal of Democracy i 2001<sup>1</sup>:

*Mange aspekt ved det tradisjonelle maliske samfunnet oppmodar til normar i samsvar med demokratisk medborgarskap, som toleranse, tillit, pluralisme, maktdeling og den styrande sitt ansvar ovanfor dei styrde. Desse ideane finn ein fyrst i nasjonaleposet som fortel om korleis Sundiata Keita nedkjempa ein tyrann skuldig i å utøva urettvis makt.*

Ein annan sentral figur i malisk historie er landets største konge, Mansa Musa, som kom til makta i 1307. Ikkje lenge etter at Mali hadde fått islam som statsreligion fylde Musa Timbuktu med islamske skular, bibliotek og universitet som etterkvart drog til seg akademikarar frå både nord-Afrika og Midtausten.

---

<sup>1</sup> “Mali's decade of democracy”, Zeric Kay Smith, Journal of Democracy, 12.3, July 2001. Sjå:  
[http://muse.jhu.edu/journals/journal\\_of\\_democracy/toc/jod12.3.html](http://muse.jhu.edu/journals/journal_of_democracy/toc/jod12.3.html)

Det unge demokratiet i Mali har gått gjennom store utfordringar. I 1997 vart fyrste valrunde annullert etter at valkomiteen ikkje kunne overtyda landets høgaste domstol om at valet hadde gått føre seg på riktig og demokratisk vis. I 2002 var det dei som frykta av president Konare ville freista å verta vald for ei tredje periode, sjølv om den maliske grunnlova seier at ein president berre kan sitja i to. Han viste seg imidlertid å gje over makta på fredeleg vis til den nyvalde presidenten, same mann som sette demokratiet i gang eit tiår tidlegare, Amadou Toure.

Også i dag står trugsmål i kø for det maliske demokratiet. Landet er verkeleg ei slagmark mellom eit demokratisk og framtidsretta islam og ein islamisme som er både radikal og reaksjonær på same tid. I dei sparsomt befolka områda i ørkenen nord for Niger-elva, der arbeidsløysa er høgast, fattigdomen mest tydeleg og myndigheitene svakast har ekstreme grupper god såjord. Frå nye moskear bygd med saudiske pengar vert tradisjonell malisk islam utfordra av wahhabiinspirert islam. Det skjer også i Timbuktu, noko lokale imamar i byen er uroa over: - Wahhabistane kjem hit frå Saudi-Arabia. Dei har ressursar. Dei deler ut pengar, og byggjer moskear og skular og kjøper bøker, seier Abdrahmane Ben Essayouti, imam ved den gamle Djingareiber-moskeen til Chicago Tribune. - Dersom du ikkje har ressursar kan du ikkje stogga dei. Og om me ikkje føl med kjem dei til å bruka studentane i mot oss. Sidi Alpha Maridje ved Sareikeina-

moskeen legg til: - I følgje wahhabismen kan du ikkje gå gjennom nokon, men må gå direkte, til Gud. Det er difor me har eit problem her. Me har 333 helgenar.

I nord har også grupper som den Salafistiske Gruppa for Preken og Kamp, ei militant algerisk gruppe sagt å ha koplingar til al Qa'ida operert. I tillegg søkjer ei ytterleggåande sekt med utspring i Pakistan, Dawa al-Tabligh, nye medlemmer i landet. Særleg i nord. Mange maliarar, som president Toure, tvilar på at ekstremistar eller terroristar vil få solid rotfeste i landet.

- Mali er eit svært gamalt islamsk land og toleranse er ein del av tradisjonen vår, seier Toure til Chicago Tribune. Samstundes vedgår han at stader som det nordlege Mali, der folk er fattige og moglegheitene få er det spelerom for ekstremistar som tilbyr både ære og pengar. - Fattigdom er god jord for terrorismen. Nokon involverer seg for å koma til himmelen i morgon. Andre trur dei kan endra verda i dag.

Nokon vil peika på kor mange av terroristane som kjem frå middelklassen og seia at dette slett ikkje stemmer, og som ikkje det var nok – Osama bin Laden er ein rikmannsson. Men det skal godt gjerast å utelukka materielle tilhøve når det gjeld religiøse ekstremisme. Eit illustrerande døme finn ein dersom ein går fleire hundre år attende i europeisk historie.

-

Anabaptistane var ei protestantisk sekt som vaks fram som ein del av reformasjonen sin radikale fløy i det sekstende hundreåret. Rørsla, som hadde sitt utspring i Sveits i 1525, vart gjeve namnet anabaptistar som eit slags utnamn for noko av det mest trugande dei stod for. Namnet tyder “dei som døyper på ny”, sjølv såg dei imidlertid på sin eigen vaksendåp som den einaste verkelege dåpen og den tradisjonelle barnedåpen som verdiløs. Anabaptistane sine radikale idear på fleire område skulle skaffa dei vanskar med både katolikkar og protestantar, og frå rørsla sine tidlegaste dagar vart rørsla forfulgt. Dei svara fyrst med å trekkja seg fullstendig attende frå samfunnet, som vart sett på som korrump og ugudeleg. Samstundes som dei var opptekne av dei etiske aspekta ved kristendomen freista dei å ha minst mogleg kontakt med omverda. Dessutan avviste dei ei kvar form for mellomledd mellom Gud og menneske, og nytta si eiga fortolking av Bibelen som grunnlag for sin sosiale orden. Fellestrekkja med tidlege islamistiske rørsler er fleire og påfallande.

Anabaptistane var i utgangspunktet fredelege, mange av dei var jamvel ekstreme pasifistar. Men det skulle endra seg. Som religionsvitar Torkel Brekke påpeiker i boka “Kains barn”<sup>1</sup> førde nemleg forfølgingane av denne kristne utgruppa til at dei forfulgte vart meir og meir

---

<sup>1</sup> T. Brekke: “Kains barn”, 2004.

ekstreme. Lidingane vart tolka som teikn på at førebuingane til det komande heilage tusenårsriket var i gang. Staten var Djevelen sitt instrument, og forfølginga og valden var Satan sitt siste åtak på dei rettwise. Den endelege kampen mellom det gode og det vonde var i gang.

I 1533 vart ein av leiarane for den anabaptiske rørsla, Melchior Hoffmann, arrestert. Han hadde sett for seg Kristi tilbakekomst same året, men hadde meint at dei rettruande skulle trekkja seg ut frå samfunnet og berre vera vitner til dommedag. Arvtakaren Jan Matthijszoon, ein bakar frå Haarlem, hadde heilt andre oppfattingar. Han meinte at dei truande sjølv måtte rydda vegen for tusenårsriket med sverdet og rensa jorda for ugudelege. I motsetnad til forgjengaren, som hadde sett ut Strasburg som det nye Jerusalem peika Matthijszoon på den nordtyske byen Münster i same rolle.

Ikkje berre var Münster betre plassert reint geografisk i høve dei nordlege Nederlanda, der anabaptismen stod sterkt, men byen hadde i tillegg slått inn på ein radikal kurs under inspirasjon av den unge presten Bernd Rothmann.

Særleg blant dei lavaste samfunnslaga, der bodskapen om Guds rike som ein slags kommunistisk idealstat var eit etterlengta håp i ei mørk tid, fekk anabaptismen i Münster entusiastiske tilhengjarar. Over heile det

nordlege Europa hadde småfolk vorte oppmuntra av Luther sitt fridomsrop og så bittært skuffa når dette ikkje førde til ei radikal samfunnsomvelting. Som Diarmaid MacCulloch påpeiker i «Reformation»<sup>1</sup> var lite meir naturleg enn å venda seg til den nyleg omsette Bibelen for å finna inspirasjon. Der fann dei oppmuntrande ord om det komande tusenårsriket på jorda og om rettferd og siger for dei truande. Folk bytja å strømma til Münster frå områda rundt og i februar 1534 var anabaptistane i stand til å overta makta i byen.

For å reingjera Det Nye Jerusalem ville Matthijszoon no avretta alle gjenverande katolikkar og lutheranarar i byen, men av taktiske omsyn såg anabaptistane seg nøydd til å berre kasta dei ut. I vinterkulden 27. februar vart katolikkane og lutheranarane jaga ut av byen utan å få med seg eigendelar, mat eller ekstra klede. Det perfekte samfunnet var etablert. Men det var også omringa, biskop von Waldeck kringsette byen, snart med støtte frå lutherske fyrstar og nærliggande lutherske byar.

Då Jan Matthijszoon omkom i eit dumdrstig åtak på biskopen sine styrker var det ein tidlegare skreddar, Jan Beukels – eller John av Leiden som han gjerne vert kallar – som overtok makta. I august same året, då biskopen og hans allierte hadde bestemt seg for å stengja alle utgangar frå Münster, utropte Beukels seg sjølv til konge og

---

<sup>1</sup> D. MacCulloch: “Reformation – Europe's house divided”, 2004

messiansk verdslleiar. Han innlemma sine venar i hoffet og unna seg sjølv og sine næraste all slags luksus medan han krevde stadig meir asketisk livsførsel frå sine undersåttar. Ei eiga livgarde beskytta han og dei som braut lovene hans måtte rekna med dødsstraff. Samstundes innførte han polygami og skaffa seg eit harem av koner.

Etterkvart som biskopen fastna grepet sett vart situasjonen i Det Nye Jerusalem meir og meir desperat, før biskopen sine styrkar endeleg kunne innta byen i juni 1535, med hjelp frå to desertørar frå Beukels si leir. Ei blodig massakre fulgte, og både John av Leyden sjølv og to av hans medhjelparar vart avretta med uvanleg sadisme. Gigantiske klør vart gjort gloande varme og brukt til å slita kroppane deira i stykker. Lika vart stilt ut til skrekk og åtvaring i tre jernbur. Jernbura heng over kyrkjeklokka på St. Lamberts-kyrkja den dag i dag.

-

Mali er ikkje den typen slagmark som Münster var, sjølv om ekstreme og militante grupper opererer i landet. Mali er fyrst og fremst ideane si slagmark. Her står ein framtidsretta demokratisk islam ovanfor ein islam som er både radikal og reaksjonær på same tid. Denne ideologiske slagmarka finn ein også andre stader i den muslimske verda; i Senegal, i Indonesia, i Bangladesh. Som den franske islamforskaren Gilles Kepel påpeiker i

boka «The War for Muslim Minds»<sup>1</sup> finn ein ho også ein stad som kanskje er meir overraskande, i Europa:

*På ein ytterkant finn ein islamistiske websider på kvart einaste språk som fordømer Europa som «eit vantru land» og ber dei truande om å trassa lover og praksis i sine nye land for i staden å følgja sharia (islamsk lov). På den andre ytterkanten finn ein unge muslimske andregenerasjonsinnvandrarar som aldri har budd i eit land der islam dominerer, og som har opplevd den personlege fridomen, liberale utdanninga og dei økonomiske sjansane eit demokratisk samfunn tilbyr.*

*Det viktigaste slaget i krigen om dei muslimske hovuda det neste tiåret vil ikkje gå føre seg i Palestina eller Irak, men i desse muslimske samfunna i utkantane av London, Paris og andre europeiske byar, der Islam alt er ein veksande del av Vesten. Dersom europeiske samfunn er i stand til å integrera sine muslimske folkegrupper [...] og leia dei mot framgang så vil denne nye generasjonen muslimar kunna verta ein islamsk avantgarde for det neste tiåret, ein avantgarde som tilbyr sine medtruande ein ny visjon og ein veg ut av den dødfødte politikken som har paralyisert opphavslanda deira.*

---

<sup>1</sup> G. Kepel: “The War for Muslim Minds”, 2004

I denne striden er det fleire partar som representerer ulike utfordringar for vestlege samfunn. Den mest umiddelbare utfordringa kjem frå militante islamistiske rørsler som i stor grad består av unge menn som Muhammed B, den 26 år gamle mannen som stakk ned og drap den nederlandske satirikaren Theo van Gogh på opa gate. Muhammed B. er fødd i Nederland. Han budde i utkanten av Amsterdam.

## Sultanane og frykta

Denne boka byrjar med ein påstand om at det føregår ein reformasjon i den islamske verda. Det er ein dristig påstand, ein påstand det finst fleire gode innvendingar mot.

Ein kan diskutera i kva grad ein faktisk kan og bør dra historiske parallelar som denne. Både dei pågåande endringane i den islamske verda og den europeiske reformasjonen er eit ledd av ein historisk prosess. Dei to historiske prosessane kan jamvel seiast å likna kvarandre, men det er slett ikkje snakk om *den same* historiske prosessen.

Eg kan også skuldast for å leggja for stor vekt på nokre få stemmer i ei forsvunnen tid, og for å trekkja ut dei små bitane som passar godt overeins med striden innan islam og oversjå større bitar som ikkje gjer det. Det er ein gyldig kritikk. Men mitt poeng med å nytta namnet reformasjon er ikkje at den indre striden av islam i dag er den same striden som den ein såg i splittinga av vestleg kristendom for fleire hundreår sidan, ikkje at historia gjentek seg og heller ikkje at islam ligg fire-fem hundreår etter Europa i utvikling. Mitt viktigaste poeng er at framveksta av islamistiske rørsler må setjast i ein sosiologisk, økonomisk og ikkje minst historisk

samanhang.

I mykje islamkritikk dei siste åra er det ein tendens til å lausriva ekstremistane frå alle andre samanhangar enn den religiøse. Mi samanlikning med reformasjonen er meint å synleggjera desse andre samanhangane, fordi dei færraste ville våga å hevda at den kristne reformasjonen utelukkande var motivert og forårsaka av religion.

Andre kan igjen koma kritisera meg for å oversjå at Luther og Calvin i sine skrifter ikkje oppmoda til eit opprør mot dei verdslege fyrstane si makt, men mot makta til paveveldet. Det er ei sanning med store modifikasjonar, men det er også relativt uinteressant. Ein kan nemleg sjå på reformasjonen på ulike måtar. Vel ein eit avgrensa fokus vil ein gjerne sjå på utviklinga i Nord-Europa, særleg Tyskland, og dra fram enkeltstående tenkjarar – i Noreg har me ein tendens til å fokusera svært sterkt på Martin Luther. Vel ein eit vidare perspektiv kan ein imidlertid hevda at reformasjonen *som historisk prosess* inkluderer langt fleire tenkjarar og langt fleire utviklingstrekk enn dei hittil nemnde, til dømes radikale rørsler i Venezia, den katolske motreformasjonen og jamvel framvekst av nyskapande religiøse rørsler i delar av Europa som er *katolske* den dag i dag.

Også den pågåande islamske reformasjonen er ein omfattande historisk prosess, ein prosess som – med

godvilje – kan seiast å inkludera folk så ulike som pasifisten Badshah Khan, ein av Gandhi sine nære allierte, terroristen Osama bin Laden og den lesbiske kanadiske journalisten Irshad Manji<sup>1</sup>.

Sjølv om eg samanliknar desse to historiske prosessane er det viktig å hugsa på at reformasjonen av vestleg kristendom gjekk føre seg i ei heilt anna verd. I denne verda var avstandane enorme, aviser eksisterte ikkje og bøker var berre tilgjengelege for eit – rett nok aukande – fåtal. USA, eit sentralt hatobjekt for militante islamistar, var ikkje påtenkt. Den indre uroa i islam av i dag føregår i vår eiga tid. Sjølv om mange muslimske land er fattige og sjølv om analfabetisme ikkje er uvanleg tyder dette at kampen ikkje berre går føre seg i bøker og pamflettar, men også i massemedia og på internett. Debattar mellom sekularistar, demokratar, islamistar, nasjonalistar og sosialistar vert send på satelittfjernsyn og på radio. Islamistisk inspirerte terroristar reiser jorda rundt med fly, snakkar i mobiltelefon og sender epost. Islam sine lutherar hamrar ikkje opp protestane sine på kyrkje- eller moskedører, men også dei risikerer å verta lyst fredlause av sine motstandarar.

-

Det mest angstvekkande for vestleg kristendom rundt år

---

<sup>1</sup> Forfattar av boka “Hva er galt med islam?” som kom på Cappelen i 2005.

1500 var, som MacCulloch påpeiker i si reformasjonshistorie, sjansen for at den kunne koma til å forsvinna heilt. - Frykta [for islamsk aggresjon] var ein sentral bakgrunn for reformasjonen. [Den] overtyda mange på båe sider om at Guds vrede snart ville ramma den kristne verda, noko som gjorde det endå viktigare å blidgjera Herren gjennom å trygga den riktige forma for kristendom mot andre kristne. Det er *umogleg* å skjøna stemninga i Europa i det sekstende hundreåret utan at ein hugsar på den djupe uroa for det ottomanske riket.

Angst dreiv reformasjonen framover, og angst driv også konflikter i den muslimske verda. I boka «Islam and democracy – fear of the Modern world»<sup>1</sup> fortel den marokkanske feministen Fatima Mernissi:

*Gharb, det arabiske namnet for Vesten, er også mørkrets land, heimlandet til det uforståelege, alltid skremmande. Gharb er terrenget til det utlandske, gharib. Og alt som me ikkje skjønar skaper angst.*

*På arabisk har det framande ein sterk romleg dimensjon, for gharb er staden der sola går ned og mørkret lurar. Det er i Vesten natta fangar sola og sluker henne, og all slags grufulle ting vert gjort mogleg. Her har også gharaba (det*

---

<sup>1</sup> F. Mernissi: “Islam and democracy: fear of the modern world”, 1993

*framande) funne sin heim.*

*Når tante Halima introduserte ein person kalla Gharib (den framande) i eventyra sine på fredagskveldar greip nevøen min, Aziz, fatt i flettene mine, eg greip fatt i Minas fletter. Lufta vart brått for tjukk til å pusta i og me slutta å tygga på dei rista kikertene våre. Me visste instinktivt at grufulle ting skulle finna stad i den fredelege stova til den gamle tanta vår.*

Når eit konservativt samfunn møter ein moderniseringsprosess som vanskeleg let seg stogga oppstår det angst. Koplær ein det med ei stor, mektig og framand makt veks angsta. Reformasjonen kan ikkje skjønast utan å skjønna frykta for det ottomanske riket. Framveksta av islamistiske rørsler kan ikkje skjønast utan å sjå på framveksta av den islamske modernismen. Den kan vanskeleg forstås utan å forstå den muslimske verda sitt møte med europeisk imperialisme.

-

7. april 1789, i den franske revolusjonens år, døydde sultan Abdulhamid I av slag. Det var nevøen Selim III (1789-1807) som tok over makta i eit ottomansk rike i krig med Austerrike og Russland. Innskrumpinga av det veldige imperiet hadde byrja, Ungarn var tapt, og det same var Transylvania, Krimhalvøya og Azov.

Imperiet hadde stagnert<sup>1</sup>. Sentralmakta var sveikka til fordel for lokale herskarar, leiarar som til dels fnaus av sultanen si makt og som undertrykte folket. Fattigdom og naud var utbreidt, og riket sjølv hadde problem med finansane. Samstundes truga opprør i fleire provinsar. På den arabiske halvøya hadde den strenge wahhabistiske rørsla skaffa seg eit solid fotfeste. I fjellområda i Syria og Palestina var drusarane eit problem. I kristne område hadde von om uavhengigheit byrja å veksa fram.

Selim III hadde vakse opp i palassets isolasjon, slik tradisjonen var i det ottomanske riket. Han hadde fått ei god utdanning, og var kanskje det ein i våre dagar ville ha omtala som ein *playboy*. Han brukte namnet *Ilhami*, den inspirerte, var djupt påverka av den mystiske tradisjonen innan islam, sufismen, komponerte musikk som stadig kan høyrast på tyrkisk radio og skreiv dikt<sup>2</sup>:

*Han som ser makta, forguder henne  
men ho er aldri tru, den kvinna*

---

<sup>1</sup> Dei som ynskjer ein grundigare historisk gjennomgang av hendingane kan til dømes sjå hos Lord Kinross: "The Ottoman Centuries", 1979 eller H. Inalcik: "Ottoman Empire 1300-1600", 2000 edition. Dei som er interessert i den ottomanske staten si tidlegare historie kan også ha nytte av H. Lowry: "The Nature of the Early Ottoman State", 2003

<sup>2</sup> Mi gjendikting (frå engelsk)

*tenk på dette, hjarta, medan  
hjulet heldt fram å spinna  
I blant gjer eineveldet gleder  
andre gongar kald forakt  
lengt ikkje etter slikt eit jordisk styre  
Ilhami, vik frå eineveldets utru makt*

I eit anna dikt skreiv Selim III: - Eg har forelska meg igjen, min Gud, lat ho trøsta meg, berga meg frå si smerte, min Gud, mitt hjarta vert knust av sorg, det er tortur, min Gud, å, ver så snill, gje Ilhami ein kur, min Gud.

Kuren for det ottomanske riket, meinte Selim, var reformar, kjend under namnet *Nizam-i-Jedid*, eller den nye orden. Namnet var teke frå den nye ordenen som hadde fulgt revolusjonen i Frankrike, som sultanen hadde vorte interessert i etter å ha lese brev frå den franske kongen, Ludvig 16.

I 1791, medan krigen framleis var i gang, sende sultanen ut instruksjonar til 22 høgtragande menn, religiøse, sivile og militære leiarar, blant dei to kristne. Han ba dei om rapportar om bakgrunnen for staten sin sørgelege forfatning og desse rapportane vart sidan diskutert ei rekkje råd og komitear. Særleg vekt vart det lagt på militær omorganisering og to spesialutsendingar vart send for å skaffa informasjon om europeiske militærapparat. I 1792 fekk sultanen ein detaljert rapport

der tyngda var lagt på det austerriske imperiet sitt militærvesen.

Så vart det hyra inn hjelp, hovudsakleg frå Frankrike. Lister med ledige offisersstillingar vart send til Paris. Ein søkjar var den unge Napoleon Bonaparte, som ikkje mykje seinare skulle utmerka seg i ottomansk historie på heilt anna vis. Nye militærakademi vart grunnlagt og dei franske instruktørane vart oppmoda til å byggja eit omfattande bibliotek med fransk litteratur. Fransk vart også gjort til obligatorisk språk for studentane.

Mange av franskmenna var tilhengjarar av revolusjonen i heimlandet, og ergra på seg diplomatar frå andre europeiske land gjennom å gå med revolusjonære emblem. I 1793 vart det republikanske franske flagget feira i ein offisiell seremoni med salutt frå to franske skip ved Bosporos. Saman med det franske flagget vaia det ottomanske, flagget til den unge amerikanske republikken og flagga til nokre «få andre land som ikkje hadde besudla våpna sine med å ta del i den ugudelege ligaen av tyrannar». Takka vera tyrkisktalande franskmenn og fransktalende tyrkarar byrja idear frå den vestlege verda å sildra inn i det muslimske imperiet. Diplomatar vart også send til europeiske land.

Berre ein liten minoritet av tyrkarar brydde seg vidare om ideane frå Frankrike. Den reaksjonære majoriteten i regjeringsskrinsar såg på det heile som eit internt

anliggende i det barbariske kristne Vesten. Kanskje kunne utviklinga vera fordelaktig for ottomanarane, men det var det heile. Selim sin privatsekretær, Ahmed Effendi, skreiv i januar 1792:

*Måtte Gud få opprøret i Frankrike til å spreia seg som syfilis til Imperiet sine fiendar, kasta dei ut i langvarig konflikt med kvarandre og slik gje gode resultat for Imperiet. Amen.*

Selim håpa å halda seg unna heile konflikta. Slik skulle det ikkje gå. Napoleon vaks fram som leiar i Frankrike og hans imperialistiske ambisjonar vart raskt tydelege. I 1797 underteikna Austerrike og Frankrike Campo Formio-avtala, og blant landområda som hamna på franske hender var dei ioniske øyene vest for Hellas og byar på fastlandet ovanfor. Men Napoleon hadde større planar. Han ville forpurra engelskmennene sin handel med India, og «gjenreisa Frankrike si makt i Austen». Han ville erobra Egypt.

I 1798 gjekk dei franske styrkane, på 35000 mann, i land i Egypt. For fyrste gong sidan krossstoga hadde ei kristen styrke gått inn i sjølve «hjarta» av den muslimske verda. Egypt var i namnet ein del av det ottomanske riket. I realiteten var det dei lokale herskarane, mamelukkane, som sat med makta, og det var også deira styrkar Napoleon kjempa mot innleiingsvis. Byane Alexandria og Kairo fall raskt.

Napoleon framstilte seg sjølv som ein frigjerar i kamp mot tyrannar. Med seg hadde han vitskapsfolk, eit bibliotek med moderne europeisk litteratur, utstyr til forskingslaboratorium og ei trykkemaskin med arabiske teikn.

Sultan Selim III bestemte seg, etter litt nøling, for å reagere med å gå i allianse *med* Russland og England *mot* Frankrike tidleg i 1799. Ei rekkje franskmenn vart fengsla i Konstantinopel. For den franske flåta som hadde vorte brukt ved landgangen i Egypt hadde det imidlertid gått langt verre allereie 1. august året før. Då knuste den britiske flåta, under ingen ringare enn Lord Nelson, den franske. Napoleon sine styrkar var stranda.

Etter den ottomanske krigserklæringa rekna Napoleon med eit ottomansk åtak på Egypt. Han bestemte seg for å gå nordaustover i eit forsøk på å hindra dette. Personleg leia han 13000 mann i det nye felttoget og dei franske styrkane tok raskt kontrollen over El Arish, Gaza, Jaffa og Haifa, til dels på svært brutalt vis. Så marsjerte dei vidare mot fortet ved Acre, styrd av den berykta Ahmed Pasha, kjend som «Slaktaren». Slaktaren hadde ein privat hær bygd opp av albanarar og bosniarar og var normalt sjølv eit trugsmål mot sultanen. No tok han kommando over Selims syriske styrkar i kampen mot invasjonen av vantru.

Kringsetjinga av Acre varte i to månadar, men Napoleon lukkast ikkje i å innta staden. Han vart tvunge til å trekkja seg tilbake gjennom ørkenen til Egypt. Derfrå vende han attende til Frankrike, medan han overlot general Kleber kontrollen over styrkane som var att i Egypt. Kleber vart snikmyrda 14. juni 1800. I 1802 var det endeleg slutt på Napoleon sitt egyptiske eventyr. Ei britisk-ottomansk styrke hadde tvinga dei demoraliserte franske styrkane til å overgje seg, og med avtala ved Amiens vart sultanen sitt overherredømme over Egypt anerkjend. Men det var meir trøbbel i vente for Selim III.

I 1806 braut det på ny ut krig mellom det ottomanske riket og Russland. Russarane invaderte raskt Moldavia og Wallachia, gjekk inn i Bucuresti og førebudde seg på å kryssa Donau. Samstundes hadde også britane vend seg mot ottomanarane. Men det største problemet av dei alle for Selim III var eit dødsfall i 1807.

Då stormuftien i riket, som var ein lojal alliert av Selim, døydde såg sultanen seg nemleg tvinga til å gje opp reformane sine. Storparten av det muslimske presteskapat, *ulamaen*, hadde vore motstandarar av desse heile tida. Men dei reformfiendtelege kreftene var ikkje nøgde med ein stoggar av reformane. Offiserar i janissarhæren fekk den nye muftien til å erklæra at sultanen hadde «innført dei vantru sine vanar blant muslimane, og hadde vist eit ynskje om å undertrykka janissarane, dei verkelege forsvararane av lova og

profetane». Sultanen vart avsett med ein *fatwa*, ein religiøs dom, og sett i husarrest av den unge fetteren, som vart kjend som sultan Mustafa IV.

Men Mustafa skulle ikkje sitja med makta i meir enn nokre månadar. Selim hadde framleis betydeleg støtte. Ein av dei som støtta han var Mustafa Bayrakdar, ein relativt nyvunnen tilhengjar av den nye orden-reformane. Han førde styrkane sine frå Donau, der ei avtale var nådd med russarane, og mot Konstantinopel. Midtsumars når han fram og forlanger å få treffa den «sanne sultan Selim», men palassgarden avviser ynskjjet. Bayradkar vel å bryta seg inn.

Samstundes gjev Mustafa IV ordre om å ta livet av Selim III. Etter ein kamp på liv og død vert Selim drept av den svarte sjefsevenukken og hans menn i moras leiligheit. Då Baraykdar kjem seg inn vert liket kasta framfor han til ropet: - Sjå, her er sultanen du søkjer. Men Bayradkar nøler likevel ikkje med å få Mustafa IV dratt av trona med orda: - Kva gjer du her? Gjer den plassen ledig til nokon som er verdigare.

Den *nokon* var Mustafas bror, Mahmud II, som hadde vorte gøynd unna av ein lojal slave i ståheien, og dermed hadde sluppa unna drapsmennene send ut av Mustafa for å ta også han av dage.

-

Trass i sultan Selim III sine iherdige forsøk kan ein hevda at det var Mahmud II (1808-39) som for alvor sette i gang moderniseringa i det ottomanske riket, og dermed i den muslimske verda. Rett nok skjedde den moderniseringa i takt med at ottomanarane mista kontrollen over stadig nye delar av riket, og rett nok må den skjønast i samanheng med at Napoleon ikkje berre brakte med seg soldatar, men også den nye vitskaplege, sekulære vestlege kulturen når han hærsette Egypt. Mahmud sytte for å på ny oppretta militærakademi etter vestleg modell, og med vestlege instruktørar, og i 1826 vann sultanen sine styrkar ein overveldande siger mot dei reformfiendtlege janissarane – ein gong sjølve ryggraden i det ottomanske militæret. Mot det veksande opprøret i Hellas kom imidlertid den nye hæren til kort.

Sultanen laut be om hjelp frå Muhammad Ali, som hadde vorte ottomanske guvernør og visekonge i Egypt i løpa av åra etter Napoleon sitt egyptiske felttog. Muhammad Ali, som var albanar av opphav, hadde utmanøvrert mamelukkane på heller forrædersk vis og sidan sett i gang omfattande reformar etter inspirasjon frå Europa. Ikkje berre bygde han opp ein arme med hjelp av verneplikt, han bygde også ut infrastrukturen i landet og gjorde Egypt til ein av verdas største bomulleksportørar.

Når spørsmålet om hjelp kom frå sultanen, sende Muhammad Ali sonen Ibrahim Pasha i veg frå

Alexandria med ei marinestyrke som var den største ei ikkje-europeisk makt nokon gong hadde hatt i Middelhavet. Dei neste par åra hadde Ibrahim stor suksess i Hellas og ottomanarane såg ut til å knekkja det greske opprøret. I juni 1827 fall jamvel Athen for ein annan ottomansk hærleiar, Reshid Pasha.

Då greip dei europeiske stormaktene England, Frankrike og Russland inn. Dei krevde at sultanen måtte gå i fredsforhandlingar med grekarane, og at grekarane måtte få eit visst sjølvstyre. Visst ikkje, truga stormaktene, ville dei anerkjenna områda som framleis var i opprørarane sine hender som ein uavhengig stat.

Sultanen avviste kravet, som han såg på som utanlandsk innblanding i interne ottomanske saker. Ibrahim Pasha ville heller ikkje gå med på noko våpenkvile, iallfall ikkje utan direkte ordre frå sultanen, han meinte grekarane stadig gjorde seg skuldige i offansiv krigføring.

Stormaktene bestemte seg for å visa styrke. Ei stor flåte segla inn i Navarino-bukta, der ei ottomansk-egyptisk flåte allereie låg. Eit stort sjøslag fulgte der den talmessig overlegne ottomanske flåta vart regelrett øydelagd av dei britiske, franske og russiske marineskipa. Slaget ved Navarino, 20. oktober 1827, var eit knusande nederlag for ottomanarane, og dei neste åra skulle det koma fleire – blant anna i krig med Russland. I 1832 måtte

ottomanarane gje Hellas uavhengigheit.

Dei militære reformane vart likevel fulgt opp med reformar på andre område. Delegasjonar vart sende vestover for å studera språk, vitskap og politikk. Omsetjingsbyrå vart starta opp og trykkpresser etablert for å gjera informasjon lettare tilgjengeleg.

Men det gjekk langt frå strykande for sultan Mahmud. Den egyptiske visekongen var irritert fordi han ikkje hadde fått den betalinga han meinte å ha blitt lova for å ha hjelpe sultanen i Hellas.

I 1831 nytta han ein personleg krangel med den lokale herskaren av Acre som påskot til å gå til krig. Igjen vart sonen Ibrahim sendt i veg. Gaza og Jerusalem fall raskt, og i motsetnad til Napoleon hadde Ibrahim Pasha få problem med å ta Acre. Dei egyptiske styrkane gjekk faktisk så langt som inn i dei tyrkisk hjarteområda til det ottomanske riket, og i løpet av dei to åra krigen varde tok Muhammad Ali kontroll over både Syria og delar av Arabia.

I 1839 gjekk sultanen til krig igjen, i håp om å ta tilbake det tapte, men då han døydde av tuberkulose same året var meldinga på veg om at dei egyptiske styrkane hadde vunne ein stor siger ved Nezib.

Moderniseringa vart imidlertid både vidareført og utvida

under sonen Abdulmejid (1839-61). Kollektivt vart omlegginga kjend som *tanzimat* – reorganisering. Nye, sekulære skular vart oppretta, jordreformer sett i gang, nye lover vedtekne, nye domstolar tekne i bruk og ei strengare skiljeline trekt opp mellom statlege og religiøse institusjonar. Men samstundes gjekk det ottomanske imperiet på nederlag etter nederlag, og mista meir og meir av dei store landområda det hadde kontrollert.

I 1876 vart Abdulmejid sin etterfølgjar på trona, broren Abdulaziz (1861-76), tvunge til å abdikera då den såkalla ungtyrkiske rørsla gjorde statskupp på bakgrunn av opprør på Balkan og ei omfattande økonomisk krise. I månadane som fulgte vart ei grunnlov utarbeidd med utgangspunkt i den belgiske og idear om konstitusjonelt monarki, eit parlament og politiske fridomar dukka opp. Storvisiren Midhat Pasha, som hadde vore sentral i opprøret, var ein viktig spelar i dette spelet.

Men Abdulaziz sin arvtakar, nevøen Murad V (mai – august 1876), skulle berre styra nokre månadar før han vart avsett grunna sinnsjukdom, og den nye sultanen, bror til Murad, Abdulhamid II (1876-1909), som har vorte omtala som «ein mann som aldri elska nokon, minst av alt seg sjølv» nøla ikkje lenge før han sette ein stoggar for reformane. Grunnlova vart oppheva, Midhat Pasha send i eksil, opposisjonelle undertrykte og forfulgte.

For å samla støtte, blant anna mot murrande nasjonalisme i provinsane på Balkan, tok Abdulhamid i bruk eit gammalt våpen, religion. Sultanane hadde lenge hatt kaliffittelen, same tittel som profeten Mohammed sine tidlege arvtakarar hadde nytta for å samla politisk og religiøs makt. I realiteten hadde tittelen hatt lite å seia sidan Baghdad fall for mongolarane i 1258, men gjennom å ta han aktivt i bruk freista Abdulhamid, ikkje heilt utan hell, å gjera seg sjølv til religiøs leiar i *heile* den muslimske verda. Det ottomanske riket skulle ikkje lenger vera Europas sjukling, det skulle vera Asias sterke mann.

Den «styrken» gjekk kanskje aller mest utover eit av dei kristne folkeslaga som framleis låg under den ottomanske trona, armenarane. Nasjonalistiske og revolusjonære tendensar blant armenarane, som også freista å ildna muslimar i Anatolia til kamp mot sultanen sitt undertrykkjande regime vart møtt med reine massakrar på uskuldige. Massakrane, som Abdulhamid fyrst prøvde å avfeia som enkeltstående episodar som hadde sin bakgrunn i «den kriminelle verksemda til armenske bandittar», gjorde at han fekk tilnamnet «den raude Sultanen».

## Modernismen

Samstundes som det ottomanske riket for alvor vakla

vaks den islamske modernismen fram<sup>1</sup>.

Ei sentral stemme innanfor denne er Jamal al Din al Afghani (1838-1897), ein mann som levde eit offentleg liv og som det har vorte skrive mykje om, men som trass i det er forbunde med ein viss mystikk. Han hevda sjølv å vera ein Sayyid, av profeten Muhammed si slekt, og det ser ikkje ut til å vera særleg grunn til å tvila på det. Men var han frå Asabadad i Iran, eller kom han frå As'adabad nær Kabul i Afghanistan? Sjølv hevda han å vera afghanar, slik det også går fram frå namnet han brukte, men motstandarar som sjeik Abul Huda kalla han al-Muta'afghin – han som hevdar å vera afghanar – og påsto at Afghani eigentleg var *persar*. Det sentrale spørsmålet var likevel eigentleg ikkje kva etnisk tilhøyre Afghani hadde, men om han hadde shiamuslimsk bakgrunn, noko motstandarane kunne bruka mot han.

Truleg hadde motstandarane rett. Mykje tyder på Afghani ikkje var afghanar, men persar, og på at han studerte teologi og islamsk filosofi i dei shiamuslimske læresentra Karbala og Najaf. Uavhengig av dette er det fyrst når Afghani reiser til India i ungdomsdagane at biletet av han vert klart. Han kom til India i 1855, allereie grundig skolert i den islamske tradisjonen. Her vart han kjend med vitskap og matematikk frå det moderne Europa, men observerte også britisk imperialisme, og det han oppfatta

---

<sup>1</sup> A. Hourani: “Arabic Thought in the Liberal Age 1798 – 1839”, 1983 er ei sentral kjelde her.

som tyranni og diskriminering. Vidare drog han til Mekka og sidan attende til Irak, der han vart verande til 1865, då ein moglegheit til å involvera seg politisk i sitt påståtte heimland dukka opp. Som rådgjevar for den ferske kongen av Afghanistan, Azam, utarbeidde Afghani planar for ei modernisering av landet, han ynskte sentralisering, og ville ha skular og ei nasjonal avis starta opp. Politisk rådde han kongen til å venda seg i retning russarane for å hindra den stadige britiske framrykkinga sørfrå. Det skulle imidlertid ikkje bli all verda av planane, Azam sitt styre vart kortvarig, i 1868 tok broren Amir Shir Ali Khan, som Azam hadde kasta, makta attende og Afghani vart kasta ut av landet.

Afghani var veltalende og språkmektig. Han var snarsint, men også rask til å handla, hadde ein tendens tli å sjå eit britisk komplott – innbilt eller ikkje – rundt kvart einaste hjørne og han elska å snakka. Men han likte ikkje å skriva, og skreiv lite. Difor kan nok Afghani reknast for å ha vore ein karismatisk politisk aktivist snarare enn ein ideolog. Likevel er ideane han forfekta sentrale. Kor han reiste i den muslimske verda var budskapet den same: dei europeiske stormaktene var ikkje sterkare enn dei muslimske landa av natur, ideen om engelsk overlegenheit var ein farleg illusjon, som fekk folk til å te seg som feigingar. Suksessen til opprørarar i Sudan viste kva muslimar kunne oppnå i kamp mot britane dersom dei vart vekt og dersom det var lenge mellom kvar muslimske siger så var dette fordi muslimane var utan

sameining og fordi dei var ignorante. Afghani siterte eit koranvers som seier at Gud ikkje endra eit folk sin tilhøve før folket endra seg sjølv innvendig. Han meinte at muslimar måtte ta trua si i sine eigne hender og stå opp mot urettferd og undertrykking, uavhengig av om denne kom frå muslimske eller ikkje-muslimske tyrannar. Afghani sitt program var påverka av trua hans om at delar av den gamaldagse islamske leiarskapen, som ikkje ville godta 'nyskapingar' innan islam, hadde like mykje skuld i den sørgelege tilstanden til den muslimske verda som det vestlege kolonistar hadde.

Ofte vert Afghani rekna som far, eller bestefar, til muslimsk nasjonalisme. Men kan han også reknast som ein av fleire fedre for reformasjonen i den muslimske verda av i dag? I boka *From Zarathustra to Khomeini – Populism and Dissent in Iran* skriv Manochecr Dorraj<sup>1</sup> at nokre muslimske analytikarar har vektlagt Afghani sin panislamistiske ideologi, ein tanke om einskap i den muslimske verda, å sterkt at dei har oversett modernismen hans. For Afghani var verkeleg ein modernist, og trass i sine antibritiske haldningar kombinerte han og ville han kombinera vestleg og muslimsk lærdom på ein måte ein i dag kan finna att hjå prominente vestlege muslimar. Sjølv om det kan trekkjast liner frå al-Afghani til Rashid Rida til Sayyid Qutb til dagens terroristar var denne tenkjaren meir for *liberalist* enn for *terrorideolog* å rekna. Samstundes var

---

<sup>1</sup> M. Dorraj: "From Zarathustra to Khomeini", 1990

han definitivt pessimistisk:

*Så lenge som menneskeheita eksisterer, vil kampen mellom dogmer og fri tenking, mellom religion og filosofi, ikkje ta slutt. Det er ein desperat kamp eg fryktar den frie tanken ikkje vil triumferer i, fordi massane misliker fornuft og fordi fornuftslæra berre blir skjøna av nokre akademikarar blant elita.*

Det var ikkje berre massane som fekk gjennomgå, men også delar av den islamske ulamaen, dette grunna deira motvilje mot moderne vitenskap:

*Det underlegaste av alt er at ulamaen for tida deler vitenskap inn i to delar, ein del dei kallar muslimsk vitenskap og ein del dei kallar europeisk vitenskap. [...] Dei har ikkje skjøna at vitenskap er ein edel ting som ikkje har noko kopling til nokon nasjon.*

Ved eit anna høve erklærte han at *farangi*-ane, dei vestlege, ikkje hadde erobra verda grunna si tru på Jesus eller Maria, men grunna deira kapasitet til å byggja jernbaner og setja opp telegrafssystemet. - Me har tapt fordi me har vorte fangar av vår eiga overtru og ignoranse.

Høyrest dette ut som ein ateist, og ikkje som ein muslim?

På ingen måte.

Bakgrunnen for den muslimske verda sin svakhet var ein tendens til blindt å følgja tidlegare autoritetar, men Afghani framheva i staden det han såg på som islam sin dynamiske, kreative og progressive karakter. Islam skulle ikkje vera blind imitering av fortida, det skulle vera ein religion full av fornuft og tankekraft. Samstundes understreka Afghani at islam var meir enn ein religion i vestleg forstand. Islam var også ein sivilisasjon, og for å gje denne nytt liv kunne ein verken oversjå eller avvise Vesten.

I staden måtte ein aktivt søkja både samtale og konfrontasjon. Muslimar måtte igjen gjera krav på kjeldene som hadde gjeve Vesten slik suksess. Desse kjeldene, fornuft, vitenskap og teknologi, var jo, meinte han, like mykje ein del av den islamske arva som av den vestlege, noko den islamske sivilisasjonen sine bidrag innan filosofi, medisin, naturvitenskap og matematikk tydeleg viste.

Målet for fornyinga og reformane som måtte koma i den muslimske verda var også tydeleg for Afghani; å kvitta seg med øket europeisk kolonialisme utgjorde.

Afghanistan var viktig for Afghani, som konkluderte med at den shiamuslimske og persiske filosofien som inspirerte han også kunna nyttast til å fri dei muslimske

massane frå ignoranse og fattigdom, særleg om dei vart kombinert med væpna kamp mot undertrykkarane. Dersom afghanarane kunne slå dei britiske styrkane i den fyrste afghanske krigen kor stor kraft ville ikkje heile den muslimske verda ha under ei karismatisk leiar?

Afghani håpa å finna ein slik leiar i det ottomanske imperiet, kontakta sultan Abdalaziz og reiste til Istanbul i 1869. Han fekk ikkje publikummet han hadde vona på. I staden vart han tildelt ei stilling i Utdanningsrådet. Denne nytta han for å forfekta ideane sine: anti-imperialisme, trongen for modernisering og shiamuslimsk rasjonell filosofi.

Sjølvsagt la han seg raskt ut med den sunnimuslimske *ulamaen* i byen, særleg då han samanlikna deira forståing av Gud med ein vanleg mann si forståing av eit handverk. Det vart umogleg for Abdulaziz å halda fram med å stø Afghani. Igjen vart Afghani deportert.

Med knuste håp vende han nasa mot Egypt i 1871. Her traff han også den unge Muhammad Abduh, etterkvart ein annan sentral figur innanfor den islamske modernismen. Men kritikk av leiaren i landet, khediv Ismail, gjorde at Afghani havna i trøbbel på ny.

Afghani skulda khediven for å ha forårsaka europeiske bankar sin innverknad i landet gjennom sin feilslåtte økonomiske politikk. Khediven på si side skulda på dei

europeske bankierane. Dei pressa på sultanen, som til slutt ikkje såg anna alternativ enn å avsetja den egyptiske leiaren. Son til Ismail, Muhammad Tawfiq Pasha, tok over og utviste Afghani frå Egypt same året.

Afghani reiste vidare til Hyberadab i India. Der heldt han seminar og føredrag og skreiv, blant anna ei skildring av eit utopisk samfunn. Dette samfunnet skulle ha skam, tillit og sanning som prinsipp og ideala skulle vera intelligens, stolthet og rettferd. Høgare intelligens, argumenterte Afghani, gjev nye moglegheitar og ein meir avansert sivilisasjon. Stolthet gjer konkurranse og framsteg og rettferd gjer global fred og harmoni land i mellom. Naturalistane (*neicheris*), skreiv Afghani, søker å øydeleggja solidariteten i samfunnet gjennom inndeling og sekterisme.

Frå Hyderabad drog Afghani vidare til London og deretter Paris, der han blant anna diskuterte vitskapen si rolle i islam med filosofen og religionskritikaren Ernest Renan. I eit føredrag ved Sorbonne i 1883 hadde Renan hevda at islam og vitskap – og dermed islam og moderne sivilisasjon – ikkje kunne fungera saman. Renan vedgjekk at det fanst *såkalla* arabisk filosofi og vitskap, men denne tenkinga var ikkje arabisk i anna enn språket og var eit produkt av ikkje-muslimar i opprør mot sin eigen religion, dei hadde vorte undertrykt av både teologar og herskarar, og hadde ikkje vore i stand til å påverka islam, og med tida hadde det vorte endå verre –

for islam var no dominert av barbarar, tyrkarar og berbarar, som hadde ein «total mangel på filosofisk og vitenskapel ånd». Islam ville gå under i takt med at vestleg vitenskap spreidde seg, meinte Renan.

Sidan gav han ut avisa *al Urwat al wuthqa*, det uløyselege bandet, saman med Muhammad Abduh. Så gjekk ferda til Russland.

På vegen fekk han ein invitasjon frå sjah Nasir al Din, herskaren i Teheran, som hadde lese ei omsetjing av ein artikkel frå *al Urwat al wuthqa* og hadde fatta interesse. Det korte møtet mellom dei to var imidlertid ingen stor suksess. Vel framme i Russland heldt Afghani fram sin anti-britiske aktivitet, han argumenterte for at russarane enkelt kunne driva britane ut av det indiske subkontinentet dersom dei mobiliserte støtta frå indiske og sentralasiatiske muslimar.

Etter to år i det russiske imperiet fekk Afghani på ny ein invitasjon frå Iran. Han takka ja. På denne tida var Iran herja av mislukka økonomisk politikk og utanlandske spekulantar. Iranarane var meir og meir uroa over sjahen sitt styre og snart fall den snarsinte kritikaren Afghani endå ein gong i unåde, etter å ha kritisert sjahen. Herskaren var nemleg alt anna enn begeistra for kritikken og utsteda arrestordre på Afghani, som søkte tilflukt ved gravstaden til sjah Abdul 'Azim, eit stykke sør for Teheran.

Frå si nye base heldt han fram med å angripa den iranske herskaren og hans anti-reformistiske politikk. Afghani forutsåg at Iran snart kom til å verta underlagt britisk kontroll slik Egypt hadde vorte det i 1882 og krevde at pengane i statskassa skulle nyttast på utbygging av ei jernbaneline, på utdanning og sjukehus og på ein livskraftig arme som kunne slå attende imperialistane i staden for å verta nytta på sjahen sine luksusturar til Europa.

Iranarane, meinte Afghani, måtte få rett til ytringsfridom gjennom media uavhengige av regjeringa og landet måtte få ei grunnlov og eit parlament. Framfor alt framheva Afghani hadde iranarane fortente ein rettferdig konge.

Midtvinters 1892 gjekk sjahen sine vaktar inn i den heilage gøymestaden til Afghani, som sidan vart plassert halvnaken på eit muldyr og på ny deportert, blant anna skulda for å ha forårsaka det såkalla tobakksopprøret.

Afghani drog attende til London, gjenopptok kontakten med nokre av medhjelparane sine og reiste så til Istanbul etter ein invitasjon frå sultan Abdulhamid. Frå den ottomanske hovudstaden heldt han fram med å arbeida for opprør i Iran, men då sjahen vart drepen av ein av Afghani sine tilhengjarar fekk den ottomanske sultanen nok og Afghani vart i realiteten halde fengsla av sultanen til han i 1897 døydde av kreft.

-

To av Afghani sine arvtakarar innan den islamske modernismen er særleg verd å nemna; Muhammad Abduh og Rashid Rida. Abduh (1849-1905) var egyptar og då Afghani kom til Kairo i 1871 vart Abduh snart ein av dei mest entusiastiske tilhengjarane hans. I syttiåra publiserte egyptaren ei rekkje artiklar som gjenga mange av Afghani sine synspunkt rundt politiske og sosiale reformar. I 1882 vart han, som forbildet hadde vorte nokre år tidlegare, send i eksil etter å ha arbeida mot den britiske og franske innverknaden i landet. Han slutta seg til Afghani i Paris og saman gav dei ut avisa *al Urwa al wuthqa*.

Når Abduh nokre år seinare returnerte til Kairo braut han imidlertid med Afghani si line, valde å akseptera det eksisterande politiske rammeverket og nytta i staden energien sin i arbeidet for religiøse, sosiale og utdanningsmessige reformar. I 1898 starta han avisa *al Manar* (Fyrtårnet). Året etter vart han *mufti* ved al Azhar-universitetet og dermed øvste leiar for det shariabaserte rettssystemet i landet. Posisjonen nytta han til å nyfortolka islamsk lov i lys av moderne tilhøve.

Abduh godtok ikkje å blindt følgja tradisjonen og forfekta ei nyfortolking av islam som skulle understreka religionen sin relevans i den moderne verda. Han meinte

at det ikkje var noko grunnleggjande konflikt mellom religion og fornuft, eller mellom religion og moderne vitenskap. Endringar i islamsk praksis var både mogleg og naudsynt, men fornyinga av dei muslimske samfunna måtte ikkje vera basert åleine på vestleg sekulær modernisme. I staden måtte religionen integrerast med moderne idear og institusjonar. Abduh spela ei viktig rolle i islamsk historie og vert den dag i dag rekna som ein frontfigur i den arabiske renessansen, *an nahda*.

Rashid Rida (1865-1935) var ein tilhengjar av Abduh, men i dei tredve åra etter Abduhs død utvikla han tankane vidare, og kanskje meir i retning av dagens islamisme. Ordet *salaf*, som gav opphav til namnet på Abduh si reformrørsle, tolka Rida til dømes etterkvart som ei streng etterfølging av tidleg islam.

Rida var fødd i Tripoli i dåtidas Syria (i dag i Libanon) og studerte blant anna på sjeik Husayn al Jisr sin Nasjonale Islamske Skule i heimbyen. Det var medan han studerte her han vart kjend med avisa til Abduh og Afghani, *al Urwa al wuthqa*. I 1897 drog Rida til Kairo der han var med og starta *al Manar* saman med Abduh. Avisa vart eit viktig organ for salafiyya-rørsle og tok opp ei heil rekkje spørsmål, frå koranfortolking til politisk modernisering.

Til liks med forgjengarane såg Rida på den islamske verda sitt forfall som eit resultat av blind imitasjon av

fortida og intellektuell stagnasjon. Han hevda, som dei, at islamsk lov måtte gjenreisast og reformerast for at islam igjen skulle få ein sentral plass i samfunnet. Det var difor naudsynt å prioritera utviklinga av eit moderne islamsk lovsystem, meinte Rida. Han avviste tidlegare lovgjevarar sin absolutte autoritet og meinte til liks med Abduh at dei sosiale lovene (*mumalat*) – i motsetnad til lover rundt religiøse plikter, tru og rituale (*ibadat*) – var opne for endring og tilpassing for kvar ny generasjon muslimar. For at dette skulle vera mogleg trong ein imidlertid eit islamsk styresett, eit system basert på at herskaren konsulterte islamske lærde for å sikra at samfunnet utvikla seg i tråd med islamsk lov. Det historiske kalifatet måtte gjenreisast! Rida hadde likevel lita tru på dei islamske lærde av si eiga tid, som han såg på som gamaldagse og ute av stand til å nyfortolka islam ut frå moderne tilhøve. Difor ville han ha danna ei gruppe med progressive islamske tenkjarar som kunne byggja ei bru over kløfta mellom den konservative *ulamaen* og dei vestleggjorte elitane.

Etterkvart såg Rida seg motviljug nøydd til å akseptera politiske kompromiss og til å vri reformismen sin i endå meir konservativ retning. Det ottomanske imperiet forsvann bit for bit. I 1909 vart Abdulhamid tvunge til å abdikera. Etter den Store Krigen vart ottomanarane, som hadde delteke på den tapande sida, tvunge til å gje frå seg store område til dei såkalla *mandatmaktene*, Frankrike og England.

Og då Mustafa Kemal (Atatürk)<sup>1</sup> proklamerte den tyrkiske republikken i 1923 braut Tyrkia tvert med fortida. Sultanatet hadde allereie vorte avskaffa. Paragrafen om at Tyrkia sin statsreligion var islam forsvann ut av grunnlova i 1928. All utdanning vart gjort sekulær. Det latinske alfabetet vart teke i bruk i staden for det arabisk. Hovudstaden vart flytta frå Istanbul til Ankara. Shariadomstolane vart avvikla og det islamske lovverket erstatta med eit lovverk basert på sveitisk og italiensk lov. I ei typisk islamistisk historieforståing står eit årstal likevel fram som viktigare enn dei andre, og det er 1924. Den dag i dag finn ein att årstalet blant anna som namn på eit islamistisk magasin gjeve ut i England av den radikale gruppa Hizb ut Tahrir. I 1924, same året som shariadomstolane vart lagt ned, oppheva den tyrkiske nasjonalforsamlinga kalifatet.

Sjølv om det på mange måtar ikkje hadde vore ein reell maktfaktor på fleire hundreår, med unntak av Abdulhamid II sitt kortvarige forsøk, vert denne avgjersla i islamistiske auge ofte sett på som ein sluttstrek for hundrevis av år med islamsk styresett.

For Rashid Rida og andre blant Abduh sine tilhengjarar tyda dette at visjonen om eit universelt kalifat måtte gjes

---

<sup>1</sup> For å lesa om Atatürk er til dømes Lord Kinross: “Ataturk – the Rebirth of a Nation”, 2001, ein stad å byrja.

opp. Kvar var no den panislamske einskapen? Kven var no denne rette leiaren? Fleire arabiske leiarar freista å ta i bruk kaliff-tittelen, men med liten suksess. I Egypt valde enkelte av Abduh sine disiplar, som Qasim Amin, Lufti al Sayyid og Saad Zaghlul, å slutta opp under ein sekulær, egyptisk nasjonalisme som avgrensa religionen til den private sfæra. Rida på si side kopla islam med ein panarabisk nasjonalisme, vart stadig meir konservativ og meir kritisk til Vesten, som han såg på som både eit politisk og eit religiøs trugsmål. Samstundes vart han – merkeleg nok - ein beundrar av det unge Saudi-Arabia, endeleg etablert som kongedøme i 1932, og han henta jamvel inspirasjon frå wahhabismen.

## I brorskapets skugge

Far til Hassan Banna (1906-1949), sjeik Ahmad abd al Rahmad al Banna, hadde i sin ungdom studert på al Azhar-universitetet i Kairo, der Muhammad Abduh var *mufti*, og den unge Hassan plukka nok opp nokre idear frå den islamske modernismen<sup>1</sup> frå faren.

Dessutan vart han påverka av lærarar og gjennom medlemskapen i ulike muslimske grupper. Viktigast i den politiske utviklinga hans kan ein likevel kanskje seia at det antibritiske opprøret i 1919 var. Hassan var tretten år gamal, og djupt oppteken av sufismen, men – som han seinare skreiv – dramaet som utspela seg framfor auga hans fekk han til å konkludera at heilag krig var ei unngåeleg plikt han hadde ovanfor *heimlandet*.

At opprøret mislukkast og heimbyen vart okkupert av britiske styrkar gjorde at den unge og uvanleg oppvakte guten byrja å utvikla ei kjensle av at britane hadde ei urettferdig overherredøme i Egypt og av at Vesten utgjorde både eit politisk og eit kulturelt trugsmål.

---

<sup>1</sup> For ein meir inngåande gjennomgang av spenningstilhøvet mellom islam og ulike politiske retningar i den arabiske verda, sjå t.d. J. Esposito: "Islam and Politics", 1991

I skuledagane var Hassan medlem av ei rekkje muslimske organisasjonar, blant anna Samfunnet for Etisk Utdanning og Samfunnet for Motarbeiding av Forbudte Handlingar. Desse organisasjonane vektla individuelle religiøs og moralsk utvikling og ei plikt til å spreia islam sin bodskap til andre muslimar både i kafear, på andre samlingsstadar og i moskeen. Ideologen Banna skulle seinare peika på kva rolle desse organisasjonane fekk for han: “det er ingen tvil om at ei slik forening har meir innverknad på karakteren enn tjue teoretiske leksjonar”.

Etter å ha studert ved ein lokal lærarhøgskule reiste Hassan til Kairo for å studera på Dar al Ulum-universitetet, allereie som sekstenåring. Raskt kom han i kontakt med *salafiyya*-rørsla og med Rashid Rida, som då hadde byrja å bevega seg i meir konservativ og ikkje minst meir anti-vestleg retning. Banna vart ein flittig lesar av Rida si avis, *al Manar*, og var særleg interessert i artiklane om dei politiske og sosiale aspekta ved islamsk reform, om tronger for ein islamsk stat og for ei islamsk lovgjeving.

Yusuf Qaradawi, ein kjent islamist<sup>1</sup> med ei fortid i sirkelen rundt Banna, skriv:

*Imam al Banna kom til Kairo på same tid som det rasa ein politisk og intellektuell storm som endra*

---

<sup>1</sup> Sjå f.eks <http://www.memritv.org/Transcript.asp?P1=1052>

*tjueåras Egypt. Han såg situasjonen med augene til den enkle religiøse landsbybebuaren og konkluderte med at problema var den politiske konflikta mellom ulike parti, dei endelause, bråkete politiske krannglane som enda i splittingar etter revolusjonen i 1919, støtta til ateisme og promiskuøtet som omringa den muslimske verda og åttaket på etablerte normar og tru.*

21 år gamal hadde Hassan fullført studiane. Han tok til i jobben som lærar på ein grunnskule i Ismailliya, ein by midt i den britiskokkuperte sona rundt Suezkanalen. Året etter gjekk han saman med broren og fem andre og stifta ein organisasjon som skulle spela ei sentral rolle ikkje berre i egyptisk historie, men også i historia til mange andre muslimske land. Organisasjonen fekk namnet *al Ikhwan al Muslimun*, det muslimske brorskapet.

Banna såg, som Rashid Rida, på vestleggjeringa av det egyptiske samfunnet som eit trugsmål mot både islam og Egypt. Både den britiske innverknaden og dei egyptiske elitane si velvilja ovanfor vestlege tankar var farleg, og kjelder til mykje av dei økonomiske, politiske og sosiale problema i landet. Kuren på denne sjukdomen var å venda attende til islam.

I motsetnad til dei islamske modernistane, med Afghani og Abduh i spissen, elita Banna ikkje etter eit islamsk utgangspunkt for å ta i bruk og tilpassa vestlege tankar og

idear. I staden understreka han islam som ei sjølvstendig, omfattande og perfekt løysing. Middelaldersk? Det er freistande å bruka det ordet, men i realiteten var Banna sterkt motstandar av å kvila på tolkingar frå nettopp middelalderen – slik *ulamaen* gjorde.

Ideane hans liknar meir på ideane til Wahhab, ein måtte gå attende til islam sine tidlegaste tider, medan Profeten og dei fyrste kaliffane herska. Koranen og tradisjonen etter Muhammad (*sunna*) måtte nyttast som utgangspunkt for å byggja opp eit islamsk styresett. Slik vart islamismen for alvor fødd som ideologi.

Banna definerte det muslimske brorskapet ut frå åtte punkt: eit bodskap basert på *salaf*, ein sunniveg, ein sufirøyndom (i klar kontrast til den sufifiendtlege wahhabismen), ein politisk organisasjon, ei atletisk gruppe, ein vitskapleg og kulturell union, eit økonomisk selskap og ein sosial ide. Det fyrste tiåret var den sosiale ideen likevel langt viktigare enn den politiske, rørsla var ikkje særleg aktiv politisk, men la vekt på moralsk og sosial reform. Gjennom å oppretta små sjukehus, byggja moskear, driva skular og starta velferdsprosjekt samla brorskapet betydeleg folkeleg støtte.

Gjennom tredvetalet og førtitalet vaks brorskapet jamt og trutt. Vekemagasinet *Majallat Ikhwan al Muslimun* (journalen for det muslimske brorskapet) vart starta, ei trykkpresse etablert og ideane spreidd også utanfor

Egypt, blant anna til Sudan. I heimlandet hadde brorskapet sannsynlegvis så mange som 500.000 medlemmer, og talet på sympatisørar var endå høgare. Men samstundes hadde organisasjonen vorte meir aktiv politisk, særleg gjennom antibritisk og antisjonistisk aktivitet. Banna vart sett på som så viktig at han vart invitert på tebesøk til den britiske ambassada. Her freista britane å overtyda han om at det var i brorskapet si interesse å samarbeida med britane og slik bidra til å skapa eit ”moderne” og ”framgangsrikt” Egypt. Banna av slo tilbodet, sa at alle Egypt sine rikdomar høyrde egyptarane til og hevda at britane si tid i landet snart ville verda forbi. Han skulle få rett i dette. Men Banna si eiga tid skulle løpa ut fyrst.

I samband med den arabiske krigen mot den nyoppretta israelske staten i 1948, eit gedigent nederlag for dei arabiske landa, hadde brorskapet spela ei sentral rolle gjennom mobilisering av friviljuge. Etter krigen gav Banna dei egyptiske styresmaktene skulda for tapet. Kanskje såg han ein moglegheit til å kuppa makta i Egypt. Fleire år tidlegare hadde Banna, inspirert av Mussolini, skaffa seg verktøy til å gjennomføra noko slikt. Inspirert av Mussolini og hans ”svartskjorter” hadde Banna oppretta ein paramilitær ving innan brorskapet, og eit hemmeleg apparat (*al jihaz al sirri*) med skitnare metodar. Etter ei rekkje valdelege episodar, blant anna drapet på politisjefen i Kairo, valde regjeringa til kong Farouk imidlertid å forby det muslimske

brorskapet. Mange av leiarane i organisasjonen vart fengsla. Banna vart det ikkje og kommenterte til ein journalist: - Når ord vert gjort ulovlege byrjar hender å handla.

Ikkje lenge etter vart statsministeren i Egypt, Nurashi Pasha, drepe av ein tjuetre år gamal veterinærstudent som var medlem i brorskapet. Sjølv om Banna nekta for at han sjølv eller organisasjonen var involvert gav myndigheitene brorskapet skulda og mange medlemmer vart tvunge til å gå under jorda eller i eksil. 12. februar 1949 vart Hassan Banna drepe utanfor kontoret sitt i Kairo. Egypt sitt hemmelege politi stod etter alt å døma bak.

På dette tidspunktet hadde arabisk nasjonalisme og sosialisme fått eit oppsving. 20. juli 1952 kuppa ei gruppe offiserar makta i landet. Leiaren deira heitte Gamal abd al Nasser (1918-70), sjølv om Muhammad Naguib ei tid sat som president. Til å byrja med støtta det muslimske brorskapet Nasser sin "revolusjon", men då det vart tydeleg at den nye egyptiske leiaren slett ikkje ville gjera landet til ein islamsk republikk og heller ikkje dela makta med brorskapet vart venskapen til fiendskap.

Fleire gongar freista medlemmer av brorskapet å ta livet av Nasser, men dei mislukkast. Sjølv om det ikkje fanst prov for at det var andre enn enkeltstående medlemmer som stod bak greip myndigheitene sjansen til å slå kraftig

attende, tusenvis av medlemmer av brorskapet vart arresterte, mange andre flykta til andre arabiske land. Seks leiarar vart avretta.

-

Ikkje nokon av tenkjarane innanfor det muslimsk brorskapet har fått så mykje merksemd i den vestlege verda som det Sayyid Qutb (1906-66) har, spesielt dei siste åra. Nokon ser på han som islamistiske terroristar sin fremste ideolog, som mannen som utstyrde dagens ekstremistar med terrorens tankegods. Andre ser på han som eit offer for statleg brutalitet som utvikla ein valdeleg frigjeringsideologi som reaksjon mot denne handsaminga. Uavhengig av kva perspektiv ein har på «krigen mot terror» er Qutb ei puslespelbrikke som passer godt inn i biletet.

Qutb var jamnaldrande med Banna, og kom frå relativt enkle kår. Han vaks opp i den vesle landsbyen Mush, som ligg i Assiut-provinsen i Øvre-Egypt. Faren var medlem av nasjonalistpartiet og unge Sayyid var sjølv både glødande nasjonalist og lidenskapeleg antibritisk.

Til liks med Banna fekk han utdanning som lærar ved Dar al Ulum-universitetet. Etter dette fekk han arbeid i Undervisningsdepartementet. Ved sidan av det nokså anonyme kontortilværet levde han eit nesten bohemaktig liv. Han hang ut i kafear, dreiv litterær kritikk og skreiv

fleire delvis sjølvbiografiske romanar. Ingen av dei gjorde særleg suksess.

Skal ein tru myta om Sayyid Qutb var det eit opphald i Amerika, dit han reiste i 1948, som for alvor endra mannen. Sanninga er nok at det brennande politiske og sosiale engasjementet hans viste seg allereie før dette. Den skarpe pennen hans vakte både merksemd og irritasjon, og einaste grunnen til at han slapp unna fengselsstraff var kan hende nettopp at han reiste til Amerika. Han hadde fått eit stipend frå departementet for å laga ein samanlikning av undervissingssystema i Egypt og USA.

Sayyid Qutb skulle koma til å avsky Amerika. I brev heim skreiv han om korleis han lengta etter «samtalar som dreier seg om noko anna enn pengar, filmstjerner og bilmerker».

Qutb såg på det amerikanske samfunnet som vanvittig vulgært, prega av politisk kynisme, kapitalistisk grådighet og rasisme. Dei amerikanske kyrkjene skildra han som «underhaldningssentra og seksuelle leikeplassar». Snart oppfatta Qutb både USA og vestleg sivilisasjon som dekadent og anti-arabisk, noko Vesten si rolle i opprettinga av staten Israel var eit tydeleg bevis på for han.

Då han kom attende til Egypt i 1951 melde han seg raskt

inn i den muslimske brorskapen<sup>1</sup>. - Eg vart fødd i 1951, skreiv han seinare. Han mista i alle høve jobben.

Utover på femtitalet vart Qutb ein sentral ideolog innanfor det muslimske brorskapet. I løpet av 1950-åra rakka han å publisera ei heil rekkje bøker. Den mest kjende er kanskje Ma'alim fi'l Tariq – eller Milepælar – som også er omsett til norsk<sup>2</sup>. Boka byrjar med:

*Menneskeheita står i dag på kanten av stupet. Ikkje på grunn av den overhengande trugselen om utsletting; den er berre eit symptom på sjukdomen, og ikkje sjukdomen sjølv. Men på grunn av at menneskeheita har mista dei verdiane ho kan byggja sunn utvikling og sann framgang på.*

Allereie her ser ein korleis Qutb skriv ut frå si eiga tid, ei tid der trugsmålet om atomkrig absolutt var til stades. Men tida han levde i kjem endå tydelegare til syne i det andre kapitlet i «Milepælar» - eit kapittel ein også finn i Qutb sin korankommentar «I skuggen av Koranen». Her hevdar Qutb at Muhammed kunne ha etablert ei «arabisk, nasjonalistisk rørsle» og hatt suksess med det, men:

---

<sup>1</sup> Denne historia finst det ulike variantar av. Nokre kjelder hevdar at Qutb ikkje melde seg inn før i 1953, medan dei fleste meiner innmeldinga skjedde kort tid etter at Qutb returnerte frå USA.

<sup>2</sup> S. Qutb: “Milepælar”, 2004

*[Gud] visste at løysinga ikkje var å redda verda ut av klørne til ein bysantisk eller persisk tyrann berre for å leggja ho i klørne til ein arabisk tyrann. Ein tyrann er ein tyrann! Jorda høyrer Gud til, og må frigjerast for Gud, og då berre for at banneret «det finst ingen gud utanom Gud» skal hevast. Bodskapet må skjønast slik ein arabar som forstår den språklege meininga skjøner det: Ikkje noko herredøme anna enn til Gud, inga lov anna enn frå Gud, ingen autoritet for nokon over andre, for all autoritet høyrer Gud til, og den einaste «kategoriseringa» Islam ynskjer av folk er ei religiøs kategorisering, der arabarar, bysantinarar, persarar og folk av alle andre opphav og fargar er like under Guds banner. Dette er veien.*

Dette avsnittet kan røpa kvifor enkelte les Qutb i nærast anarkistisk lei og kvifor andre, som eg skal koma attende til, samanliknar han med den engelske opplysningsfilosofen John Locke. Avsnittet handlar tilsynelatande om profeten Muhammed og Gud sine mål for han. Men eigentleg er det ein bitande kritikk mot den panarabiske nasjonalismen, som var ein vesentleg maktfaktor i den arabiske verda i Qutb si samtid.

Vidare seier Qutb at Muhammed kunne ha heva «ei sosialistisk fane», men igjen visste Gud betre:

[...]Sosial rettferd må etablerast i samfunnet ut frå ei einskapleg livsforståing som vert ført attende til Gud, og der Gud sine rettferdige bestemmelsar tilfreds vert akseptert av alle. Både gjevar og mottakar vil med ro i hjarta konstatera at han set ut i livet ein guddommeleg orden, og han vil håpa at lydigheita hans mot denne ordenen vil gje han det beste av både dette og det neste livet. Hjartene vil ikkje vert fylde med grådighet eller nag, og alt vil ikkje verta utført med sverd og kølle, frykt og terror. Og hjartene vil ikkje fordervast og sjelene ikkje kvelast, slik det skjer når skikkane byggjer på anna enn budskapen «det finst ingen gud utanom Gud»

Igjen ser ein ein klar referanse til Qutb si samtid. Michel Aflaq (1910 – 1989)<sup>1</sup>, ein av grunnleggjarane av Ba'ath-partiet, hadde lansert omgrepet *arabisk sosialisme*.

Aflaq, som sjølv hadde kristen bakgrunn og hadde studert i Paris, såg på Islam som ein del av den 'nasjonale kulturen' for arabarar. Han refererte også til profeten Muhammad i politiske talar. Noko ateistisk stat etter sovjetisk modell kom ikkje på tale, men staten skulle heller ikkje vera religiøs. Ein sekulær stat ville frigjera religionen frå politikken sine lenkjer og tillata han å utføra den funksjonen i samfunnet han var tiltenkt. Den

---

<sup>1</sup> Sjå t.d. A. Dawisha: “Arab Nationalism in the Twentieth Century”, 2003

egyptiske statsleiaren frå 1954 av, Nasser, stod for ein liknande politikk.

For Qutb var svaret derimot islam. Ideologien hans var naturlegvis sterkt påverka av Hassan Banna, men han vart gradvis radikalisert – tildels som resultat av at han sat fengsla i årevis – og henta også inspirasjon frå Maulana Abul Ala Maududi (1903-1979)<sup>1</sup>.

Maududi vart fødd i den indiske byen Aurangabad, fekk ei tradisjonell islamsk utdanning og byrja i ung alder å arbeida som journalist. 21 år gamal vart han redaktør for avisa til den indiske muslimske gruppa *Jamiyya-i-Ulama*.

Som mange andre indiske muslimar var Maududi engasjert i den indiske nasjonalkongressen, men etterkvart vart han meir og meir overbevist om at at framtida for indiske muslimar ikkje berre var truga av britisk imperialisme men også av både muslimsk og hinduistisk nasjonalisme.

Han avviste både ideen om eit samla, sekulært India og ideen om å dela India og etablera Pakistan som uavhengig stat. For å etablera ein verkeleg islamsk stat, hevda Maududi, måtte det ein gradvis islamsk revolusjon til. Til liks med Hassan Banna og den muslimske brorskapen understreka Maududi at islam var

---

<sup>1</sup> Som blant anna har skrive koranfortolkinga “Towards Understanding the Qu’ran”, gjeve ut på engelsk i 1988

tilstrekkeleg som kjelde til fornying og reform i den muslimske verda. Han avviste både sekularisme og nasjonalisme gjennom å understreka islam som ein universell og fullstendig religion:

*Sharia (islamsk lov) er eit komplett mønster [...] og eit altomfattande sosialt system.*

Ein islamsk stat må styrast av sharia, meinte Maududi, og Gud åleine er den øvste lovgjevaren. Staten kan berre laga lover på område som ikkje er nemnd i sharia, og då i posisjon av si rolle som stadfortredar for Gud på jorda. Ei deling mellom stat og religion var eit vestleg, sekulært feilgrep, grunnen til det moralske forfallet i Vesten og noko som til sjuande og sist ville føra til Vesten sitt fall.

Men også muslimske land var prega av moralsk forfall, som eit resultat av det Maududi kalla ein ny *jahiliyya*.

Dette er eit typisk eksempel på korleis Maududi tolka gamle islamske omgrep på nytt. *Jahiliyya* skildra eigentleg den tilstanden den arabiske verda var i før profeten Muhammed, hedenskap og ignoranse, men for Maududi hadde store delar av den muslimske verda vend seg bort frå den eigentlege islam og dermed gått inn ei ny *jahiliyya*-periode.

Til liks med både wahhabistane og dei egyptiske 'brørne' såg Maududi på den tidlegaste islamske perioda som ein

mal. Den islamske staten var, for Maududi, sjølve antitesa til sekulære, vestlege demokrati: «Islam har ikkje spor av vestleg demokrati, [men] avviser tanken om folkets suverenitet og byggjer sin politikk på Guds suverenitet og mennesket si rolle som stadfortredar på jorda».

Samstundes avviste den indisk-pakistanske tenkjaren også teokrati i vestleg forstand, det islamske systemet er ikkje eit prestestyre, men eit 'teodemokrati' der alle muslimar spelar ei politisk rolle, men samfunnet samstundes er verna mot 'massane sitt tyranni' fordi alle lover må vera i samsvar med *sharia*.

Den store forskjellen mellom nasjonalstaten og den islamske staten er, for Maududi, at borgarane i den islamske staten er det i kraft av trua si, medan borgarane i ein nasjonalstat er det i kraft av etnisk tilhøyre. Som eit resultat er borgarstatusen i den islamske staten ikkje lik for alle, borgarane klassifiserast som muslimar eller ikkje-muslimar og har, som eit resultat, ulike plikter og rettar.

I tråd med klassisk islamsk lovfortolking er ikkje-muslimar 'verna' (*dhimmi*), noko som for Maududi inneber at dei må betala ein spesiell skatt, at dei har rett til å dyrka religionen sin og til å verta styrt av sine eigne religiøse leiarar i religiøse spørsmål. Dei har imidlertid ikkje lov til å driva misjonsverksemd, og kan – sidan

staten er islamsk – ikkje ha viktige administrative og politiske posisjonar. Som ikkje-truande kan dei heller ikkje ventast å forsvara islam og er difor friteke frå militærtjeneste.

Maududi rekna *jihad* – også i tydinga *heilag krig* – som ei plikt for muslimar, og som noko som kunne vera naudsynt og endåtil påkrevd for å verna om den islamske staten. Han såg på to variantar av krigføring som tillatt: *jihad* i forsvar og *jihad* dersom islamsk tru og praksis var truga av ein ekstern fiende, indre fiendar eller av ikkje-muslimske herskarar i ikkje-muslimske land.

I 1941 etablerte Maududi det islamske samfunnet eller *Jamaat-i-Islami*, den dag i dag eit islamistisk politisk parti i Pakistan.

Qutb møtte Maududi då indaren vitja Kairo og var tydeleg inspirert av bøkene hans. Det ser ein tydeleg i Milepælar, der Qutb hevdar at både det egyptiske samfunnet og heile resten av verda var i ein *jahiliyya*-tilstand:

*Heile verda lever i dag i ein tilstand av jahiliyya, [som bygger på] ei krenking av Gud sin suverene autoritet på jorda og ei krenking av teiknet på guddommelegheit, nemleg herredøme. Herredømet er overlete til mennesket og nokon er sett til herrar over andre. Dette skjer ikkje på*

*same primitive og enkle måten som i den fyrste jahiliyya, men ved at mennesket gjer krav på retten til å utvikla egne førestillingar, verdjar, normer, lover, system og livsformer som er lausrive frå det levesettet Gud har fastsett, ting som ikkje har Gud si velsigning.*

Den einaste løysinga var for Qutb å venda tilbake til unionen mellom religion og stat som hadde vorte praktisert av dei «rettvise kaliffane» i det sjuande hundreåret. For at den muslimske verda skulle koma ut av *jahiliyya* såg Qutb på det som nausynt å repetera profeten Muhammed sin framgangsmåte. Dei verkelege truande må separera seg frå dei vantru, gå i mellombels eksil, spre bodskapen gjennom misjonsverksemd og strida for religionen, også gjennom bruk av heilag krig.

Qutb, som til å byrja med hadde snakka om det islamske alternativet til vestlege system, omtala etterkvart dette islamske alternativet som noko som *må* innførast og noko alle verkelege muslimar må vera viljuge til å leva - og døy - for.

Ein kvar herskar som stod i vegen for å gjeninnføra eit slikt system kunne med rette kjempast mot – med alle tilgjengelege middel, noko Qutb fann legitimert hjå Ibn Taymiyya, som hadde gjeve mamelukkane støtte i krigen mot mongolarane, som også var muslimar. Når herskaren så var kasta kunne det islamske systemet innførast.

Denne radikale ideologien førte naturlegvis Qutb i trøbbel.

Allereie i 1954, tre år etter han hadde meld seg inn i den muslimske brorskapet, vart han arrestert og dømd til femten års fengsel. Han hadde aldri hatt sterk helse, og i fengselet vart han ytterlegare brote ned av tortur. Ein episode Kari Vogt refererer til i forordet til den norske utgåva av Milepælar viser dette tydeleg:

*I januar 1965 ble Qutb hentet inn som vitne i saken mot Hasan al-Hudaybi, brorskapets leder. Dommeren, Jamal Salim, en av «de frie offiserer», bemerket: «De virker trett, herr Sayyid. Er De det?»*

*«Ja, jeg måtte stå oppreist i seks timer før jeg slapp inn i rettssalen.»*

*«Vel, hva så? Hvis nødvendig, må vi alle stå lenge om gangen!»*

*«Ja, men på oss Brødre i fengsel anvender man revolusjonens prinsipper!»*

*Han åpnet skjorten og fryktelige merker etter tortur kom til syne. Jamal Salim hevet øyeblikkelig retten.*

Etter å ha halde ut ti år i fengsel slapp Sayyid Qutb ut grunna dårleg helse og takka vera hjelp frå den dåverande irakiske presidenten, Abd al Salim Arif. Men berre nokre månadar seinare, etter at Milepælar hadde kome på marknaden i Kairo, vart han arrestert på ny. I august 1966 vart Qutb hengt, skulda for å ha teke del i eit komplott mot Nasser.

Sayyid Qutb kan lesast på fleire måtar. Ein av utgjevarane av boka hans i India har understreka dette på ubehageleg vis gjennom å utstyra «Milepælar» med eit usignert forord der det heiter:

*Den endelege prisen å betala i arbeidet for den allmektige Gud og å fremja hans veg er ofte livet. Forfattaren [Qutb] freista å gjera det, og betalte med sitt liv. Dersom du og eg freistar det same er det stort sannsyn for at me også vil møta same krav. Men kva anna val finst det for dei som verkeleg trur på Gud?*

Amerikanske Paul Berman, forfattar av boka «Terror og liberalisme» kommenterer dette forordet i ein artikkel i New York Times<sup>1</sup>:

*Du er meint å tru at ein sann lesar av Sayyid*

---

<sup>1</sup> Utdraget frå forordet og Bermans kommentar er baa i artikkelen “The Philosopher of Islamic Terror”, Paul Berman, 23. mars 2003

*Qutb er ein som, i den grad han fordøyer Qutb sin bodskap skikkeleg, vil handla. Og handling kan godt resultera i martyrdøden. Å lesa er å gli framover mot død, og å gli mot død tyder at du har forstått det du har lest. Qutb sine arbeid sender då også ut denne morbide tonen – ikkje alltid, men nokon gongar.*

*Arbeidet han etterlot seg, korankommentaren hans, er omfattande, levande skrive, klok, brei, rasande, nokon gongar prega av galskap, lysande av hat, middelaldersk, moderne, tolerant, intolerant, paranoid, manande, brutal, irritabel, roleg, alvorleg, poetisk, lært og analytisk. Nokon gongar er han rørande. Det er eit verk som er stort og solid nok til å skapa sin eigen skugge.*

-

Ayman al-Zawahiri kom frå ein elitefamilie – faren var professor ved det medisinske fakultetet i Kairo, bestefaren hadde vore storimam på al Azhar og grandonkelen, Abdel Rahman Azzam, var den fyrste generalsekretæren i den Arabiske Liga. Då Ayman som femtenåring vart arrestert for å ha teke del i det muslimske brorskapet kunne likevel verken ung alder eller familiebakgrunn hindra at han vart kasta i fengsel.

I 1968 slapp han ut igjen, tok ei utdanning i faren sine

fotspor, og med gode karakterar, og arbeida sidan fleire år som lege. Men kallet hans var eit anna, og har gjeve han kallenamnet «terrorlegen». Mot slutten av syttiåra var han fullt attende i kampen for islamistisk ideologi, etterkvart i gruppa *Ja'maat al Jihad*, også kjend som berre *al Jihad*.

Ein annan figur i gruppa var elektrikaren Muhammad abd al Salam Faraj som i 1979 hadde gjeve ut ein pamflett kalla «Den løynde plikta».

Faraj henta inspirasjon frå Qutb, men medan han mangla både stilen og utdanninga til forgjengaren hadde han endå meir radikale oppfatningar. For Faraj var *jihad*, heilag strid, ei sjette søyle i islam, ei søyle på sidan av dei fem grunnpillarene hovudstraums islam byggjer på: bøna, trusvedkjenninga, fasten, pilgrimsferda og almisen. Muslimane må ta i bruk væpna motstand og gå til opprør, skreiv Faraj, dersom det moderne samfunnet sin dekadanse skal knekkjast og ein islamsk stat skapast. Men denne plikta, ”den løynde plikta”, hadde vorte dekt over av den trulause religiøse leiarskapen og av dei fleste muslimar. No var statsmakta i hendene på urettvise leiarar som spotta Gud og ikkje innførde *sjaria*. Berre eit alternativ stod att – revolusjon:

*Me må etablere Guds religion i vårt land fyrst, og gjere Guds ord rådande. [...] Det er inga tvil om at den fyrste slagmarka i [vår] jihad er å utrydda*

*denne vantru leiarskapen og å erstatta dei med ein fullstendig islamsk orden. Her byrjar me.*

Faraj var misnøgd med det muslimske brorskapet sin passivitet, Hassan al-Banna sine idear om å reformera samfunnet gradvis var fånytted. Grupper som freista å endra regimet innanfrå ville aldri vinna, og grupper som flykta frå det dekadente samfunnet og freista å etablera eit reint muslimsk samfunn i eksil, slik blant anna Shukri Mustafa og hans tilhengjarar hadde freista i Egypt i syttiåra, utsette berre ein kamp som verken kunne eller burde unngås.

Faraj baserte seg i stor grad på ei nyfortolking av Ibn Taymiyya, som ikkje berre hadde gått til angrep på ”nyvinningar” innan islam, men som også hadde godkjent heilag krig mot dei mektige mongolane, som rett nok hadde konvertert til islam, men som styrde nokre muslimske landområde i tråd med eit før-islamsk lovverk kalla *yasa*. Denne lova var ikkje Guds lov, meinte Ibn Taymiyya og Faraj dreg parallellar til blant anna egyptisk lov, der både franske og britiske lover hadde fått innpass.

-

6. oktober 1981 var ein vakker dag i Kairo, himmelen var blå og utan ei sky. Nokre år tidlegare hadde Nasser sin arvtakar som egyptisk president, Anwar Sadat, forhandla fram ei fredsavtale med den israelske statministeren

Menachem Begin på Camp David, noko dei begge fekk Nobels fredspris for. Denne dagen gjekk ei militærparade av stabelen i hovudstaden som ei markering av krigen mot Israel i 1973.

Det var ei storslått parade, med panservogner, fallskjermhoppaparar og jetfly med farga røyk. I blant braut soldatar ut frå rekkjene sine, sprang opp til Sadat, som sat på fremste rad bak ein liten steinmur, og helste. Difor var det ingen som var overraska når eit pansra køyretøy stogga framfor tribuna og soldatar hoppa ut. Jamvel ikkje når soldatane gjekk ned på kne og byrja å skyta inn i folkemengda med kalasjnikov gjekk Alvoret opp for alle som var til stades. Norb Garrett, den lokale CIA-sjefen på det tidspunktet, trudde fyrst at det heile var ein del av showet. Men ein major i det amerikanske flyvåpenet som sat bakanfor han oppdaga at det var levande skot:

- Kom dykk ned!

Garrett kom seg ned. Då han stakk hovudet opp igjen såg han ein soldat, som lente seg over steinmuren og skaut inn i Sadat sin allereie livlause kropp. - Eg er Khalid Istambuli, eg har drept farao, ropte han. - Og eg fryktar ikkje døden!

Det høyrer med til historia at attentatet mot Sadat var både dårleg planlagt, dårleg førebudd og møtt med motvilje av sentrale medlemmer av den militante rørsla

rundt Faraj. Det var Istambuli som var hjerna, han hadde fått kommandoen over det pansra køyretøyet og hadde klart å byta ut tre av soldatane i det med sine egne folk. Sjøføren var ikkje med på planen, så Istambuli måtte sjølv trekkja i håndbrekket før han og kompanjongane skulle hoppa ut. Han fortalde Faraj om planane og sistnemnde skaffa granatar og ammunisjon. Utruleg nok gjekk alt etter planen, sjølv om martyriet venta både Istambuli, Faraj og dei tre medsamansvorne, som vart avretta seks månadar seinare.

Det heile skjedde i skuggen av Sayyid Qutb. Men det skjedde aller mest i skuggen av ein elektrikar frå eit fattig strøk i utkanten av Kairo. I desse to skuggane kan ein også seia at Zawahiri, som vart fengsla grunna eit mindre våpenlovbrot i etterkant av drapet på Sadat, har levd vidare. Då han slapp ut frå fengsel i 1985 drog Zawahiri til Saudi-Arabia og så vidare til Peshawar, Pakistan. Takka vera krigen mot Afghanistan tende denne byen som ein slags hovudstad for radikale islamistar.

Her møtte Zawahiri den palestinske islamisten Abdullah Azzam, leiar for det muslimske brorskapet sitt kontor i byen, og han møtte Azzam sin medhjelpar, Osama bin Laden. Her vart al Qa'ida fødd. Og mange meiner at Zawahiri, ikkje bin Laden, er den eigentlege leiaren i nettverket.

## Bort frå karikaturen

Det finst dei som meiner at Sayyid Qutb kan lesast på ein heilt annan måte enn ekstremistane gjer. Blant dei som hevdar dette er den indiskfødde amerikanske statsvitaren Muqtedar Khan, som i ein artikkel i The Globalist samanliknar Qutb med den engelske opplysingsfilosofen John Locke (1632 – 1704).

- Ein kvar som tek seg tid til å lesa Qutb sine bøker vil oppdaga noko tankjevekkjande, skriv Khan. - Ideane i dei tidlege skriftene hans er ikkje så ulike frå dei som sette sitt preg på kristen tenking under opplysingstida.

- Når han oppmoda til jihad mot illegitime leiarar var det i strid med tradisjonell islamsk tankegang, skriv Khan og siterer Qutb: - Hvis me insisterer på å kalla den islamske jihad-rørsla ei forsvarsrørsla så må me endra tydinga av omgrepet forsvar. Me må då sjå på det som eit forsvar for sjølve mennesket, mot alle dei faktorane som bind det og avgrensar fridomen.

Vidare samanliknar Khan utsegner frå Locke og Qutb om fridom. - For mennesket er det naturlege å vera fri frå ei kvar makt på jorda, ikkje vera under andre si vilje eller andre sin lovgjevne autoritet, og å berre ha naturen si lov som regel, skriv Locke i «Second Treatise on

Government»<sup>1</sup>. - Denne trua er ei universell erklæring om å frigjera mennesket på jorda frå å tena mennesker og frå å tena sine egne påfunn, som er ein måte å tena mennesker på, skriv Qutb.

Dette er definitivt ei liberal lesing av Qutb, noko Khan også sjølv påpeiker. Men er det ei *rimeleg* lesing? Eg spurde Khan. - Eg skjønar ikkje kva du meiner med rimeleg, svara han.

- Det er sikkert og visst at ein finn svært radikale element i Qutb sine bøker, men å fokusera berre på desse elementa og dermed oversjå alt anna er heller ikkje rimeleg, det er å teikna ein karikatur. Det mest radikale Qutb skreiv, skreiv han medan han sat i fengsel. Folk vert torturert i egyptiske fengsel. Eg lurar på kva effekt nokre få år i eit egyptisk fengsel ville ha hatt på Locke sine idear.

- Førestill deg også korleis Locke ville sjå ut om me berre fokuserte på stadene der han går inn for å kasta styresmaktene og preiker intoleranse mot katolikkar.

Khan, som reknar seg sjølv for å vera ein liberal muslim, fortel at han hadde to mål med artikkelen. - Det fyrste var å visa at Qutb er meir enn det vestlege media fokuserer på, det andre er å visa at ei liberal lesning av Qutb kan

---

<sup>1</sup> J. Locke: "Second Treatise on Government", 1690, sjå: <http://www.constitution.org/jl/2ndtreat.htm>

avvæpna radikalarane gjennom å visa at Qutb forfeikta mange liberale verdiar, noko han gjorde.

I artikkelen sin nemner Khan spesielt Qutb sin bruk av det klassiske islamske omgrepet *ijtihad* som oppmuntrande. Ijtihad er ein metode for rasjonell fortolking som lenge hadde ein sentral plass i islamsk lov, men som i middelaldersk islam hadde lita tyding. I dag står islamistar, muslimske feministar og muslimske liberalarar saman i kampen for at ijtihad igjen skal få ei vesentleg rolle, kanskje fordi dei alle er avhengige av større fortolkingsrom.

- Eg trur sosial og politisk endring må koma gjennom kunnskap og utdanning, og ikkje gjennom vald, seier Khan. - Eg føretrekkjer difor ijtihad framfor jihad som verktøy for å skapa endring.

- Nokre islamistiske leiarar har også hevda idear som gjev grobotn for demokratisk reform, til dømes har Yusuf al-Qaradawi gjentekne gongar sagt at Islam og demokrati er compatible med kvarandre og Rached Ghannouchi har jamvel argumentert for at islamistar kan dela makt med sekularistar. Samstundes er eg uroa over den opphengtheita dei har i *sharia*.

-

Nokre år etter at Qutb vart avretta gav leiaren i det

muslimske brorskapet, Hasan al-Hudaybi, ut boka «Predikantar, ikkje dommarar»<sup>1</sup>, som til ei viss grad kan oppfattast som ein kritikk av Qutb, sjølv om namnet hans aldri blir nemnd i boka.

Den britiske forskaren Barbara H.E. Zollner påpeiker i sitt arbeid om «Predikantar, ikkje dommarar»<sup>2</sup> at den er ei av dei viktigaste kjeldene me har i høve utviklinga av det muslimske brorskapet sin ideologi. Både boka og mannen er likevel, som Zollner også påpeiker, i stor grad ignorert i litteratur på feltet. Ein grunn kan vera at brorskapet sine eigne folk også har ein tendens til å oversjå al-Hudaybi til fordel for særleg Hassan al-Banna. Men samstundes kan ein også her kritisera vestlege iakttagarar for å teikna ein karikatur av islamistisk ideologi gjennom å fokusera meir på radikale og militante stemmer enn på dei meir moderate. På ein måte er det som ein skulle skriva om den kristne reformasjonen og *berre* fokusera på anabaptistane i Münster.

Det er ikkje vanskeleg å skjøna *kvifor* denne karikaturen blir teikna. Dei radikale stemmene er gjerne meir

---

<sup>1</sup> Boka er truleg eit resultat av eit kollektivt arbeid i krinsen rundt al-Hudaybi, men vart gjeve ut i hans namn.

<sup>2</sup> Zollner skreiv si PhD-oppgåve om “Hasan al-Hudaybi’s role in the Muslim Brotherhood. A contextual analysis of ‘Preachers not Judges’”. Arbeidet er, så langt eg er klar over, ikkje tilgjengeleg på internett, og er heller ikkje gjeve ut. Min gjennomgang byggjer i vesentleg grad på Zollners.

interessante både som forskingsobjekt og som artikkelmat enn dei meir moderate. Å setja seg inn i tankane til ideologar som Qutb og Faraj er også sentralt for å skjønna terrorhandlingar som dei som råka Madrid 11. mars 2003, åtaka på WTC og Pentagon i 2001 eller drapet på Theo van Gogh, og dei har dermed fått meir interesse av heilt naturlege grunnar.

Skal ein forstå terrorhandlingane på det reelle bakteppet dei representerer – ein indre strid i islam – må ein likevel freista å bryta ut av karikaturane, og det på trass av at ideane til al-Hudaybi var alt anna enn liberale.

-

Hasan al-Hudaybi vart fødd som eldste son i ein fattig arbeidarklassefamilie i Arab-al-Suwahila, nordaust for Kairo, i 1891. Han byrja utdanninga si ved ein landsbyskule der han lærte å lesa og å resitera Koranen. Far til al-Hudaybi hadde eit ynskje om at sonen skulle ta ei teologisk utdanning vidare, men unge Hasan enda opp med å gå på – til liks med både al-Banna og Qutb – ein sekulær skule; han vart utdanna innan jus.

Etter å ha fullført studiane sine i 1915 fekk al-Hudaybi praksis ved kontora til den velkjende advokaten Kamil Husayn og til leiaren for det nasjonale partiet Hizb al-Umma, Hafiz Ramadan. Han freista å starta sitt eige advokatkontor i 1918, men det lukkast dårleg. Så flytta

han til Suhaj, ein av dei større byane i Øvre Egypt, der han etterkvart fekk tilbod om arbeid som dommar. Han skulle halda fram med å stiga i gradene i det egyptiske juridiske systemet, mot slutten av førtiåra hadde han vorte ein høgtstående tenestemann.

Det muslimske brorskapet hadde han lita kontakt med før han vart introdusert for Hassan al-Banna midt i førtiåra. Dei to vart raskt vener, og al-Hudaybi vart ein verdsett rådgjevar for Banna. Likevel overraska det mange når al-Hudaybi vart vald som ny leiar av brorskapet i 1951 og kort etter trekte seg frå posisjonen som dommar. Framfor alt var det eit *pragmatisk* val, al-Hudaybi hadde gode kontaktar og brorskapet trong eit betre image; organisasjonen vart i stor grad forbunde med valdsepisodane seint på førtitalet og vart rekna for å vera ein terroristorganisasjon av politikarar over heile det politiske spekteret.

I likskap med andre islamistiske tenkjarar stødde al-Hudaybi ei gjenoppretting av kalifatet og skisserte eit islamsk styresett. Også på ei rekkje andre område skil han seg lite ut frå andre islamistiske ideologar, gjennom ei underleg blanding av konservativt tankegodt og radikal nyfortolking. Samstundes er «Predikantar, ikkje dommarar» i blant ein konservativ kritikk av radikal islamisme.

Al-Hudaybi sine idear om motstandskamp er særleg

interessante. For al-Hudaybi fanst det tre typar motstand, motstand i hjarta, motstand med tunga og motstand med hendene. Medan dei fyrste to representerte motstand i det stille og open verbal motstand var det berre den siste som kunne forstås i retning ein valdeleg, væpna motstandskamp. Men ein slik motstandskamp skulle berre vera siste utveg i situasjonar der inga fredeleg løysing var mogleg, og var på ingen måte noko å trakta etter. Det muslimske brorskapet måtte streva for fredelege, ikkje-valdelege løysingar fyrst. Brorskapet skulle fyrst og fremst vera predikantar. Denne ideen liknar på ideane Hassan al-Banna forfekta, særleg i yngre dagar, og det er ein tanke som framleis pregar store delar av dei islamistiske rørslene.

Sjølv om eg hittil har synt parallellar til reformasjonen i europeisk historie er det i denne samanheng freistande å trekkja ein heilt annan paralell: på mange måtar kan ein seia at islamismen har fellestrekk med marxismen i vestleg idehistorie. Dei siste åra har også eit tilsvaret til sosialdemokratiet vokse fram. Den tunisiske islamisten Rached Ghannouchi, som bur i eksil i London, er mindre ytterleggående enn al-Hudaybi, har eitt meir inkluderande kvinnesyn og omfattande idear om korleis islam og demokrati kan fungera saman<sup>1</sup>:

---

<sup>1</sup> Ghannouchi er likevel, av gode grunnar, omdiskutert, blant anna skal han ha hatt eit romantisk tilhøve til det kommunistiske Albania og han verta skulda for å ha utsteda ein dødsdomsfatwa mot forfatternen Latif Lakhdar. Eg kan ikkje sjå at den siste påstanden er

*Kan noko muslimsk samfunn nøla med å etablera eit sekulært demokratisk system dersom det ikkje lukkast i å etablera eit muslimsk demokrati? Svaret er nei. Det er muslimar si religiøse plikt, som individ og samfunn, å bidra til å etablera eit slikt system. [Dessutan viser] fleire hendingar i Koranen, i sunna og i islamsk historie at muslimar, som individ og som samfunn, har løyve til å etablera og administrera ikkje-islamske regjeringar for å oppnå det som er godt og hindra det som er vondt.*

I Tyrkia har eit parti med islamistiske røter vunne regjeringsmakt og landet har betra seg både når det gjeld demokrati og menneskerettar. Det har rett nok skjedd under press frå eit EU Tyrkia voner å bli medlem av, men samstundes er det svært interessant å leggja merke til at det i dag er dei sekulære kemalistane som framstår som mest reaksjonære i landet.

---

dokumentert, men at Ghannouchi står i konflikt og har gått til åtak på fritenkaren Lakhdar er det mindre tvil om. Lesarar som er kritiske til mi oppfatning av at utviklinga i den muslimske verda kan samanliknast med den kristne reformasjonen vil elles ha ein meiningsfelle i Lakhdar. I "Why the reversion to Islamic archaism?" (1981) går Lakhdar til åtak på denne oppfattinga. Interesserte lesarar finn Lakhdar sin artikkel på den anarkistiske nettstaden [flag.blackened.net](http://flag.blackened.net):  
<http://flag.blackened.net/revolt/issues/war/afghan/pamwt/wt2/lakhdar.html>

Endå meir illustrerande for utviklinga og striden innan islam er kanskje to av Hassan Banna sine familiemedlemmer.

-

Gamal Banna er Hassan Banna sin yngre bror. I motsetnad til den 13 år eldre broren engasjerte han seg i fagforeiningsarbeid framfor studiar av islam. Den fyrste boka han skreiv, i 1945, handla om sosial velferd. Sidan har han skriva ei lang rekkje bøker, diverre er ingen av dei omsett til noko europeisk språk.

Hausten 2004 og våren 2005 skapte 84-åringen vesentleg kontrovers i Egypt gjennom å gå kraftig til åtak på landets muslimske etablissement og det med eit *liberalt* utgangspunkt. Skriftlærde ved al-Azhar-universitetet, ein av dei viktigaste lærestadane i sunniislam, liker det dårleg og har freista å få ei av Banna sine bøker forbudt.

- Lat dei seia kva dei vil, men svara til det eg skriv eller seier, har Banna sagt i eit intervju. - Islam tillet både tankefridom og utvikling og reformar krev eit opent sinn.

For Banna er det islamske sløret slett ikkje islamsk, men restar av ein førislamsk tradisjon. Han ser også på store delar av *sunna*, tradisjonen etter profeten Muhammed, som falsknarverk laga av sjølvopnemnde juristar i islam

si tidlege historie. Juristane tente kaliffane som herska i Midtausten og ville oppretthalda status quo. Læra dei strir med det som blir lært i Koranen, til dømes når dei ville straffa frafalne frå islam med dødstraff. - Dette vart gjort for å tena den imperialistiske staten. Læra deira er eit produkt av deira eiga tid. Me kan no skapa våre eigne reglar, basert på Koranen. Nokre reglar er det ingen grunn til å ta vare på når verda har utvikla seg. Dette er eit gamalt refreng i alle religionar.

Og ideen om ein islamsk stat? Den strir med grunnlegginga av islam som eit samfunn av truande.

Men det Banna som kanskje kan irritera islamske fundamentalistar mest er det han seier om bror sin. - Han skreiv for femti år sidan. Dersom han framleis hadde levd hadde han vore einig med meg.

-

Også barnebarnet til Hassan Banna, Tariq Ramadan, står for det som i alle fall må kallast ein annan slags islamisme. Den populære foredragshaldaren er ein slags predikant av den nye tida, ein fotogen mann med doktorat i filosofi og eiga nettside.

Han er ein omstridd figur, både i heimlandet og i andre europeiske land. I Frankrike har han vorte skulda for å tala med to tunger av sjølvaste innanriksministeren

Nicolas Sarkozy, ein kritikk som også har funne vegen til Noreg, med ein kronikk i Dagbladet av Jens Tomas Anfindsen der det predikanten vart framstilt som «euroislams janusansikt»<sup>1</sup>.

Men Tariq Ramadan har meir til felles med enkelte amerikanske fjernsynspredikantar enn med terroristar, på ei og same tid er han *både* konservativ og radikal, *utvilsamt muslim* og like *utvilsamt europeisk*. Og kanskje ein muslimsk Luther? Den amerikanske nettavisa salon.com spurte han i si tid om han hadde noko liste han ville spikra opp på ei kyrkjedør<sup>2</sup>.

- Eg har inga liste, svara Tariq Ramadan. - Eg veit kva som vil kunna vera prioritatar når me tenkjer på reform og gjenoppliving i det islamske landskapet. Det viktigaste for meg er korleis me muslimar les tekstane våre. Det er mange misforståingar ute og går i muslimske samfunn. Me må gå attende til ei grundig forståing av kva det tyder å ha ein tekst overlevert frå Gud.

Ramadan skriv at islam dei siste sju hundreåra har fulgt ein veg prega av blind imitering, og at islam i større grad vil fornya seg sjølv enn å verta modernisert. I salon.com forklarar han kva han meiner:

---

<sup>1</sup> “Euroislams janusansikt”, J. T. Anfindsen, Dagbladet 13. juli 2005

<sup>2</sup> “Tariq Ramadan, the Muslim Martin Luther”, Paul Donnelly, 15. februar 2002

*Problemet er hovudsakeleg at me, sidan det trettande hundreåret, ikkje har lest våre eigne tekstar for å møte den moderne røyndomen, men i staden for å innta forsvarsposisjon og sloss mot vestleg herredøme, å sloss mot «den andre». Og me har trekt oss tilbake, inn i oss sjølv, og har vore oppteke om å snakka om halal – det lovlege – og haram – det forbodne. Men du veit, det er ikkje desse diskusjonane, denne opphengtheita i grenser islam handlar om. Det er ikkje dette som er den verkeleg bodskapen til islam. Javisst har me grenser, men me møte røyndomen for å kunna bidra til reform. Me kan ikkje berre stå i mot aggresjon eller trivast i kjensla av at me vert undertrykte av andre. Det må koma ei endring.*

*Kva verktøy kan me nytta oss av? Fyrst og fremst **ijtihad**.*

## **Ein ny europeisk reformasjon?**

Tre jernbur heng på St. Lambertskyrkja den dag i dag, eit stille minne om den religiøse ekstremismen som kom i

fotspora av Luther og Calvins reformasjon. Sidan har Europa sett meir ekstremisme, det var vårt kontinent som skapte den franske revolusjonen og den russiske, vårt kontinent som skapte Hitler og Mussolini, pogromar, jødeforfølgingar, avretting av psykisk utviklingshemma og av homofile. Stolte kulturnasjonar har dyppa hendene sine i blod meir enn ein gong.

I Münster, som i dei fleste tyske byar, finn ein muslimske innvandrarak. Ikkje mange steinkasta frå den gamle katedralen treff ein på kebabsjapper og butikkar der ein kan ringja billeg til Afrika og Midtausten.

Har reformasjonen kome attende til Münster, til Europa, og kva kraft ber den i så fall med seg?

Sjølv om vår historie heng saman med islams historie like attende til Muhammed sine dagar, og kanskje endå tidlegare, er det, som nemnd i innleiinga, ei misforståing å tru at striden i den muslimske verda fyrst og fremst handlar om oss. På trass av terroråtaka mot New York og Washington, London, Madrid, Paris, Bali og på trass av åtak mot vestlege mål i Beirut, Riyadh, Bagdad, Istanbul, på trass av alt dette, er det *muslimar* som er dei fyrste ofra for terror motivert av radikal og valdeleg islamisme, akkurat slik andre tyskarar var nazismen sine fyrste offer. Konflikta handlar ikkje om oss, ikkje om at islamistane hatar våre samfunn, *vår fridom*, som det så ofte vert sagt.

Nokre av *islamistane* er faktisk våre allierte i kampen for framsteg og demokrati i den muslimske verda, og det på trass av at dei er anti-sekularistar av ein type som for lengst (og heldigvis) har vorte politisk ukorrekte i Europa. - Den kortaste vegen til islamsk liberalisme går gjennom islamsk fundamentalisme, seier Ebrahim Moosa, ein professor i islamske studiar ved Duke University i eit intervju med San Francisco Chronicle<sup>1</sup>. Moosa er samstundes ein av dei som føl opp Salman Rushdie sitt ynskje frå innleiinga av denne boka ved å slå fast at dei muslimane som meiner kvar line i Koranen må takast som lov har «ei overfladisk forståing av trua» og at «mykje av Koranen er allegorisk og må sjås på i sin historiske kontekst».

Sjølv om det ikkje handlar fyrst og fremst om oss kjem Europa til å stå sentralt, for å repetera Gilles Kepel:

*det viktigaste slaget i krigen om dei muslimske hovuda det neste tiåret vil ikkje gå føre seg i Palestina eller Irak, men i desse muslimske samfunna i utkantane av London, Paris og andre europeiske byar, der Islam alt er ein veksande del av Vesten.*

- Mange i Vesten trur at berre fordi ein muslim har langt skjegg så må han vera ekstremist, fortalte ein ung

---

<sup>1</sup> "Islam's new voices see faith with critical eye", Don Lattin, San Fransisco Chronicle, 26. januar 2004

muslimsk mann frå ein av desse stadane meg. Han kjem frå Molenbeek-Saint-Jean, ein bydel i Brussel som ein gong vart kalla «vesle belgiske Manchester» og i dag av sume blir kalla «vesle Marokko». - Eg har ikkje skjegg, men eg har også idear.

Kva var det han meinte? At han var ekstremist? På nokre måtar var det kanskje nettopp det, at også han i augene til mange europearar ville bli oppfatta som det, trass i at han drakk vin og trass i at bokhylla hans inneheldt både eit nederlandskkurs og gamletestamentet ved sidan av Koranen og ein haug med belgiske teikneseriar. Anti-sekularismen hans, det negative synet på jødar, ideane om ein islamsk stat, understrekinga av kor viktig det var å sjå på Muhammed som den *siste* profeten, fordi dei tidlegare religionane sine skrifter hadde vorte forfalska, alt saman plasserte han i ein situasjon der han vart konfrontert med dei islamske statane som kanskje er best kjend for europearar, Iran og Saudi-Arabia.

I mine auge var han likevel ingen ekstremist. Han ynskte seg meir demokrati i landet han har opphav frå, meir demokrati i Nord-Afrika, meir rettferd og større fridom til å vera muslim. I diskusjonen brakte eg opp kva ein tidlegare rektor ved den muslimske skulen i Oslo hadde sagt; at Noreg var meir muslimsk land enn Irak.

- Slik er det også med Belgia, svara karen frå Molenbeek.

Etter alt å døma vil Europa dei neste tiåra oppleva meir innvandring frå den muslimske verda, særleg frå eit Nord-Afrika som går gjennom ein demografisk revolusjon. Unge menn av arabisk, asiatisk og afrikansk bakgrunn vil koma til Europa på jakt etter det gode livet, eller i det minste på jakt etter eit *betre* liv. - Me drog frå Marokko fordi det ikkje er nokon sjansar for oss der, seier 28 år gamle Rouane i den belgiske journalisten Koen Vidal si bok «På Europas dørmatte»<sup>1</sup>:

*Han viser meg den pent trykte CV'en sin; industriingeniør, spesialisert i geologi. Arabisk, fransk, engelsk, spansk. Erfaring med Windows og Apple. Hobbyar: fotball, lesning og korrespondanse med utanlandske vener. - Men i Marokko er det ikkje arbeid til meg. Og her [i Spania] kan eg berre plukka paprika. Forstår du det? Etter studiane mine var det ingen veg vidare. Men eg ville starta eit uavhengig liv, tena pengar, bygga noko opp. Difor er eg her.*

Unge nordafrikanar som Rouane kjem til å halda fram med å koma, lovleg om me let dei, ulovleg om me nektar dei. Avhengig av korleis Europa tek i mot dei er fleire scenario moglege.

Som i dei meir eller mindre udemokratiske landa dei utvandrar frå, land med høg arbeidsløyse og omfattande

---

<sup>1</sup> K. Vidal et al.: "Op de deurmat van Europa", 1999

sosiale problem, kan me også *her* få ei aukande gruppe framandgjorte ungdomar. I desperasjon over mangelen på innverknad over sine egne liv, eller i frustrasjon over arbeidsløyse, rasisme, framandhat, kan desse koma til å søka i retning politisk ekstremisme og terrorverksemd, eller dei kan enda opp som medlemmer av kriminelle gjengar. Det kan også gje seg utslag i ungdomsopprør av typen ein såg i forstadane til Paris i november 2005, der det fort vart snakka om *Fallujah-sur-Seine*, men der fleire kanskje burde gjort som amerikanske Time Magazine og samanlikna med Watts-opprøret i staden<sup>1</sup>.

Meir terrorisme, opptøyer og kriminalitet vil fort ha andre dystre følgjer: meir rasisme, endå meir framandhat og aukande oppslutnad for europeiske politiske parti som i blant er reint fascistiske, med eller utan Armani, og i blant berre satsar på rasistisk retorikk for å vinna stemmer. Vegen frå retorikk til handling er ikkje med naudsyn alltid så lang. 11. mai 2006 gjekk ein gartnarskule-student fødd i 1988 ut i Antwerpen sine gater med eit jaktgevær, med eitt mål for auge, å drepa flest mogleg utlendingar. Han drap ei gravid malisk kvinne og den to år gamle flamske jenta ho passa på. Ei tyrkisk kvinne vart alvorleg såra. Drapet skapte mykje debatt i Belgia, og mange sette det i samanhang med Vlaams Belang sin årelange propaganda retta mot innvandrarar, ikkje minst fordi drapsmannen si tante er

---

<sup>1</sup> Eg kommenterer dette i artikkelen “Meir Watts enn jihad” publisert på Dagbladet sine bloggsider 10. november 2005.

parlamentsmedlem for det høgrekstreme partiet.

At muslimar i aukande grad skal slutta opp rundt ekstremisme og at flamlendingar og andre europearar i aukande grad skal velja å slutta seg til fascistiske og islamofobe idear er eit dystert scenario. Det finst eitt anna og langt lysare scenario som er vel så sannsynleg.

På foten av den amerikanske Fridomsgudinna står diktet «den nye Kolossen», som sluttar med desse linene:

*Give me your tired, your poor, your huddled masses yearning to breathe free, the wretched refuse of your teeming shore. Send these, the homeless, tempest-tossed, to me: I lift my lamp besides the golden door.*

For millionar av europearar var Amerika landet der dei kunne leggja bak seg sin desperasjon og byrja på nytt. Ved den franske statua vart den amerikanske draumen fødd. Den dag i dag vil ein pakistansk dataprogrammerar heller reisa til Silicon Valley for å tena store pengar enn å reisa til Oslo for å køyra drosje. Men snart kan den amerikanske draumen koma til å bli erstatta av den europeiske.

Særleg dei vesteuropeiske landa kan gå frå å vera i stor

grad monokulturelle land<sup>1</sup> til å verta samfunn prega av ein kulturell *mélange*, ein smeltedigel av kulturar. Delvis kan det koma til å skje på grunn av svinnande landegrensar innad i det kvite, rike middelklasse-Europa. Fleire og fleire familiar kjem til å ha opphav i meir enn eitt land, fleire og fleire kjem til å bu og arbeida i eit anna land enn fødelandet. Samstundes kjem eldrebølgja – heldigvis – til å gjera det så godt som umogleg for Europa å oversjå arbeidskrafta til muslimske innvandrarak og endå vanskelegare å oversjå arbeidskrafta til borna deira. I enkelte delar av Europa vil europeiskfødde muslimar utgjera ein stor del av vaksne i tjue-, tretti- og førtiåra. Desse vil sjølvsagt gjera sitt inntog på ei rekkje ulike arenaer.

I den prosessen kjem nye idear til å utvikla seg, i møtet mellom europeiske og muslimske kulturar. Slik den amerikanske revolusjonen sine idear spreidde seg heim til Europa kan desse ideane koma til å spreia seg til den såkalla muslimske verda.

Reformasjonen sine frø vart sådd for lenge sidan og har vorta vatna med mykje blod allereie. Er Tariq Ramadan den muslimske Martin Luther? Tvilsamt. Men, for å avslutta med ein banalitet, det *kan* vera at den muslimske

---

<sup>1</sup> Som det går fram i artikkelen “De utålelige andre” av Mina Hauge Nærland, publisert på Dagbladet Magasinet sine nettsider 8. juni 2006 er det rett nok berre to land som eigentleg kan kallast monokulturelle, Nord-Korea og Island.

Martin Luther er ein treåring med krøllete hår og djupe mørke auge, ein treåring som har ein bestefar frå Marokko, men som snakkar nederlandsk med mor si, endå storsamfunnet stadig ser på henne som marokkanar.

*In the West, Intellect is the source of life,  
In the East, Love is the basis of life.  
Through Love,  
Intellect grows acquainted with Reality,  
And Intellect  
gives stability to the work of Love,  
Arise and lay the foundations of a new world,  
By wedding Intellect to Love*

Muhammad Iqbal